



UiT Noregs arktiske universitet

Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærarutdanning

Multilektal skriving hos ungdommar på Vestlandet

Ein studie av dialektbruk på digitale, sosiale medium hos to grupper ungdommar på Vestlandet

Maria Kristin Garatun

Mastergradsoppgåve i nordisk språkvitenskap ved lektorutdanninga 8.-13.trinn, NOR-3982, Våren 2023



Samandrag

Denne mastergradsoppgåva har som føremål å undersøkje multilektal skriving, med hovudfokus på dialektbruk blant to ulike elevgrupper på Vestlandet. Problemstillinga for oppgåva er å undersøkje *på kva for måte ser ein innslag av dialektskriving hos unge på Vestlandet?* Dei to elevgruppene har ulik tilknytning til det nynorske skriftspråket, i form av at det nordlegaste utvalet er frå eit kjerneområdet for nynorsk, medan det sørlege utvalet er frå ei randsona for nynorsk. Studien tar føre seg utviklinga og framveksten av digitale, sosiale medium og ser på korleis dette har påverka måten vi kommuniserer og bruker språket. Vidare tar studien føre seg fenomenet dialektskriving i tråd med multilektal skriving, noko eg undersøker ved å analysere reelle meldingar som ungdommar har sendt til kvarandre på deira fritid.

Resultata i studien viser at elevgruppa frå kjerneområdet for nynorsk, melder om svært hyppig bruk av nynorsk, medan elevgruppa frå randsona nesten utelukkande melder om bruk av bokmål. Dette mønsteret ser ein både i formelle og uformelle skrivesituasjonar. Begge utvala rapporterer likevel til ein viss grad om bruk av dialekt og særleg at dei blandar ulike språk/dialektar. Den registrerte språkbruken til majoriteten av begge elevgruppene viser likevel at det er mykje dialektale trekk i privatskrivinga deira, der det både dreier seg om unike dialektord, men også ein heil del dialektale ord som har unikt samanfall med normert nynorsk. Dette trass i at særleg det sørlege utvalet sjølvrapporterer om ingen eller lite bruk av nynorsk.

Ein ser også at det kvalitativt sett, varierer kor ortofont den enkelte elev skriv, noko som gjer det utfordrande å fastslå eit overordna mønster eller ei norm for dialektskrivinga. Likevel kan ein sjå at det er spesielt dialektale ortofone og morfologiske trekk som førekjem hyppigaste hos begge elevgruppene, til dømes bruk av spørjeordet *ka* og bortfall av endings *-r* i presens og preteritum av verbet *å vere*, uttrykt *e* og *va*. Elles førekjem det hyppig bruk av pronomen *eg* og *me*, samt nektingsadverbet *ikkje* som fell saman med normert nynorsk. Dei mest frekvente trekka heng også tett saman med mange av dei morfologiske dialektale trekka som er karakteristisk for dei to dialektområda, innafor sørvestlandsk.

Føreord

Det å skrive masteroppgåve har kjenst som ein heilt eigen epoke av utdanningsløpet. Det oppfattast både som ei spennande, lærerik og krevjande tid, men også veldig sosialt. Det kjenst herlig, men òg vemodig å no skulle vere ferdig på lektorutdanninga i det som har blitt byen min. Mine fem år i Tromsø har gitt meg venner og minner for livstid.

Først og fremst vil eg rette ei stor takk til rettleiaren min Øystein A. Vangsnes som inspirerte meg til arbeidet med denne masteroppgåva, som har vore tolmodig og kome med nyttig og god rådgiving heilt til siste stopp! Eg har lært så mykje og vil for alltid sette pris på at eg fekk høve til å delta i MultiLit, dokker er ein god gjeng! Takkar også dyktige og flinke foreleserar på UiT, særleg på nordisk og i didaktikkemna. Åse Mette Johansen fortentar også ei ekstra merksemd som blant anna har leia skriveseminaret i år, og som saman med Øystein, tidleg i utdanningsløpet inspirerte meg til å bruke og verdsetje nynorsken. Flinke folk som aldri blir gløynd!

Ei stor takk går også til alle vennlege ansikt som gjennom fem år har fått plass i *hjerta* mitt, både dei som har vore der frå starten, dei som kom etter koronaen og dei som sneik seg inn siste året på Lesehuset. Mange gode stunder som vil bli med meg resten av livet. Òg ein generell takk til alle mine medstudentar på Lesehuset som har gjort det siste året aldeles supert!

Det er langt heim til Vestlandet når ein bur i Tromsø, og *utallige* samtalar på facetime med gode folk vert også sett umåteleg stor pris på. Særleg vil eg rette ei merksemd til mamma og bestemor som konsekvent har kome med gode ord og råd!

Takk for meg, Nordens Paris!

Tromsø, mai 2023

Maria Kristin Garatun

Innholdsliste:

SAMANDRAG	III
FØREORD	IV
1 INNLEIING	1
1.1 BAKGRUNN FOR MASTEROPPGÅVA.....	2
1.2 TEMA OG PROBLEMSTILLING	3
1.3 OMGREPSFORKLARING	4
1.3.1 <i>Multilektal skrivekunne</i>	4
1.3.2 <i>Autentisk skriving</i>	5
1.4 STRUKTUR I TEKSTEN.....	5
2 TIDLEGARE FORSKING OG TEORETISK BAKGRUNN	7
2.1 DIGITAL SKRIVING	7
2.2 DIALEKTSKRIVING PÅ SOSIALE MEDIUM.....	8
2.2.1 <i>Evjen (2011), Rotevatn (2014), Folkvord (2020) og Larsen (2022)</i>	10
2.3 SPRÅKVEKSLING.....	11
2.4 SPRÅKBRUK	12
2.4.1 <i>Kjerneområde for nynorsk</i>	12
2.4.2 <i>Randsone for nynorsk</i>	13
2.5 VESTNORSK DIALEKTOMRÅDE.....	13
2.5.1 <i>Vossa -og hardangermål</i>	13
2.5.2 <i>Haugalandsdialekt</i>	14
3 METODE FOR OPPGÅVA	15
3.1 VAL AV METODE.....	15
3.1.1 <i>Kombinert metode</i>	16
3.1.2 <i>Val av deltakarar</i>	16
3.2 INNSAMLING AV TEKSTDATA SOM METODE	18
3.2.1 <i>Bakgrunn for innsamling av fritidstekstar</i>	18
3.2.2 <i>Prosedyre for innsamling av fritidstekstar</i>	19
3.2.3 <i>Arbeidshefte og snakkepunkt</i>	20
3.2.4 <i>Etiske omsyn og personvern</i>	21
3.3 HANDSAMING AV TEKSTDATA.....	21
3.3.1 <i>Koding og kategorisering av datamaterialet</i>	22
3.4 SPØRJESKJEMA SOM METODE	23
3.4.1 <i>Utforming av bakgrunnskjema</i>	24
3.4.2 <i>Handsaming av bakgrunnskjema</i>	25

4	RESULTAT	27
4.1	OVERORDNA PRESENTASJON AV UTVALA.....	27
4.2	RAPPORTERT SPRÅKBRUK	28
4.2.1	<i>Utvalet frå det nynorske kjerneområdet</i>	29
4.2.2	<i>Utvalet frå ei nynorsk randsone</i>	29
4.3	DIALEKTALE YTRINGAR	30
4.4	NORMERT SPRÅK I PRIVATSKRIVINGA	32
4.4.1	<i>Bruk av pronomeren og nektingsadverb</i>	33
4.5	SAMVARIASJON MELLOM ULIKE DIALEKTALE YTRINGAR.....	34
4.6	SPRÅKPROFILAR	35
4.6.1	<i>Språkprofilar i det nordlege utvalet</i>	36
4.6.2	<i>Språkprofilar frå det sørlege utvalet</i>	37
4.6.3	<i>Samsvar mellom rapportert og registrert dialektbruk</i>	39
5	DISKUSJON	41
5.1	DELTAKARANE SI TILKNYTING TIL NYNORSK SKRIFTSPRÅK.....	41
5.2	MULTILEKTAL SKRIVING	43
5.2.1	<i>Rapportert og registrert språkbruk</i>	43
5.2.2	<i>Korleis ser dialektskrivinga ut?</i>	43
5.2.3	<i>Språkveksling og performativitet</i>	46
5.3	NORMER FOR DIALEKTSKRIVINGA	48
6	AVSLUTNING	51
6.1	OPPSUMMERING.....	51
6.2	FORSLAG TIL VIDARE FORSKING	52
	LITTERATURLISTE	53
7	VEDLEGG	57
7.1	GODKJENNING FRÅ SIKT	57
7.2	INFORMASJONSSKRIV OG SAMTYKKESKJEMA	59
	<i>Tabell 1: Oversikt over samanfating frå bakgrunnskjema. Rapportert språkbruk</i>	25
	<i>Tabell 2: Rapportert språkbruk hos dei to utvala</i>	28
	<i>Tabell 3: Frekvente dialektale variablar av utvalde standardformer</i>	31
	<i>Tabell 4: Døme på samvariasjon</i>	34
	<i>Tabell 5: Oversikt over samanfating frå bakgrunnskjema inkl. dialekt+blanding</i>	35
	<i>Tabell 6: Samsvar nordleg og sørleg utval</i>	39

1 Innleiing

Digital skrivning er blitt ein stor del av liva våre som følgje av utviklinga innafor tekstskaping og skrivekunne, der framveksten av digitale, sosiale medium særleg har prega måten vi kommuniserer på. I ei spørjeundersøking av Opinion, gjennomført for Språkrådet i 2016, viser det seg at det er svært vanleg med dialektprega digital skrivning blant unge, der heile 53 prosent av respondentane under 30 år rapporterte at dei skriv på dialekt i private samanhengar (Opinion, 2016). Vangsnes (2019, s. 102) kjem såleis med ei todelt forklaring på kvifor: nemleg at sosiale medium trekkjer skriftspråket i retning av talespråket, og at talespråket til mange nordmenn strukturelt sett skil seg frå standardspråket, nemleg i form av dialekt. Røyneland og Vangsnes (2020, s. 363) skriv også at nettopp fordi talemålspraksisen til svært mange i Noreg i dag er dialektal, kan ein vente at skrivepraksisen på sosiale medium vil vise seg å vere dialektprega eller tilnærma talemålsnært. Vestlandet er såleis ein av dei regionane der det viser seg å vere mest dialektbruk blant unge i Noreg (jf. Opinion, 2016, Vangsnes, 2019, Helset og Brunstad, 2020, Rotevatn, 2014).

Dette er eit forskingsfelt som i norsk samanheng, framleis er i utvikling og eg ønskjer med denne studien å kome med eit bidrag til feltet ved å sjå nærare på den faktiske dialektale skrivepraksisen til unge vestlendingar i Noreg i dag. Den tidlegare forskinga på bruk av dialekt i den norske digitale sfæren viser til no, at det er tydeleg bruk av talemålsprega former, særleg blant den yngre generasjonen (sjå m.a. Vangsnes, 2019, Røyneland og Vangsnes, 2020, Evjen, 2011, Rotevatn, 2014, Folkvord, 2020, Larsen, 2022). Forskinga viser òg at skrivning på digitale, sosiale medium nettopp speglar ein meir munnleg og visuell stil framfor dei meir tradisjonelle skriftspråknormene (Evjen, 2011, s. 105). Det norske språklandskapet er rikt og mangfaldig når det gjeld munnlege og skriftlege språkformer og dei norske dialektane har høg status, noko som særleg kjem til uttrykk i digitale medium, slik som på nyheitene og elles på TV. Dialektskriving bidrar på mange måtar til å gjere det norske språklandskapet meir komplekst og endå rikare (Vangsnes, 2019, s. 107). I masteroppgåva er eg derfor interessert i å undersøkje korleis unge på Vestlandet i dag er kreative med språket og korleis bruk av dialekt kjem til uttrykk skriftleg, i form av bruk av dialekt.

1.1 Bakgrunn for masteroppgåva

Bakgrunn for val av tema til masteroppgåva baserer seg på ei generell interesse for språk og språkveksling, og ei spesiell interesse for det nynorske skriftspråket og dialektskriving. Det er interessant å sjå nærare på korleis unge i dag veksler mellom standardisert nynorsk og bokmål, samtidig som mange bryt standardnorma for skrift ved å skrive dialekt- eller talemålsnært i private samanhengar. Eg vil på bakgrunn av tidlegare forskning undersøkje denne «dialektskrivinga» og sjå på i *kor stor grad* bruk av dialekt kjem til syne og på *kva for måte* unge skriv til kvarandre, i private og uformelle settingar, slik som på sosiale medium.

Masteroppgåva mi knyter seg òg på det større forskingsprosjektet *Multilektal skrivekunne i opplæringa*, forkorta «MultiLit»¹, som er leia frå Høgskulen på Vestlandet. MultiLit undersøker ulike tilnærmingar for multilektal skrivekunne hos unge språkbrukarar og er eit landsdekkande forskingsprosjekt som særleg tar utgangspunkt i den norske språksituasjonen. Mange i den yngre generasjonen vil i dag utvikle kompetanse i begge skriftspråk i tillegg til å skrive dialekt- eller talemålsnært i private samanhengar og på denne måten beherske fleire nærstående skriftspråk. Det er denne kompetansen ein kallar for multilektalitet. MultiLit vil vidare undersøkje om denne kompetansen har ein påverknad på språkopplæringa og læringa generelt (HVL, 2023).

MultiLit er eit nettverksprosjekt med deltakarar frå fleire norske universitet og høgskular, og det er òg samarbeid med nederlandske forskarar. Prosjektet er sett saman av fire delprosjekt/arbeidspakkar og eg har særleg engasjert meg i den arbeidspakken som omhandlar privat-skriving blant unge. Stipendiat Kirsti Lunde har i samband med MultiLit og hennar ph.d. prosjekt ved HVL utvikla ein prosedyre for innsamling av fritidstekstar. Prosedyren hennar gir høve til å undersøkje korleis ungdommar skriv til kvarandre i private samanhengar og såleis undersøkje normer for – og bruk av dialektale trekk. Det er denne prosedyren eg har brukt i innsamling av det kvalitative datamaterialet, meir utfyllande om dette i avsnitt 3.3.

¹ MultiLit er eit forskingsprosjekt finansiert av forskingsrådet og leia frå Høgskulen på Vestlandet (<https://www.hvl.no/multilit>).

1.2 Tema og problemstilling

Valet av masterprosjekt er påverka av at eg fekk moglegheita til å delta i MultiLit. Samstundes ønskte eg å gjere ei komparativ analyse der eg i tillegg kunne forske på tekstdata som ligg nokså nært heimstaden min Ølen, på grensa mellom Rogaland og Vestland fylke. Ved å sjå på dialektskriving hos unge på to ulike stader på Vestlandet, fekk eg derfor dekka to ønskje: forske på dialektskriving og å ta masteroppgåva mi tilbake til Vestlandet. Deltakarane i denne oppgåva er to elevgrupper frå to ulike stader på Vestlandet. Omfanget dreier seg om to klassar på til saman rundt 33 elevar. Dei to utvala har ulik tilknytning til det nynorske skriftspråket ved at det første utvalet er busett i eit kjerneområde for nynorsk, medan det andre utvalet er busett i ei randzone for nynorsk (jf. Wold, 2018, Helset og Brunstad, 2020, Brunstad, 2020).

Overordna tema for oppgåva er multilektalitet hos unge på Vestlandet, nynorsk skriftspråk og ikkje minst dialektskriving. Utifrå desse temapunkta har eg laga ei overordna problemstilling og nokre forskingsspørsmål som eg ønskjer å finne svar på gjennom masteroppgåva mi. Problemstillinga for oppgåva vert såleis *på kva for måte ser ein innslag av dialektskriving hos unge på Vestlandet*. Medan dette er ei svært open problemstilling, vil eg spisse det med tre forskingsspørsmål:

1. *På kva måte ser ein innslag av dialekt i privatskriving på digitale, sosiale medium, hos to grupper ungdommar på Vestlandet, med ulik tilknytning til nynorsk skriftspråk?*
2. *Finst det eit overordna lokalt mønster, på dei to stadene?*
3. *Korleis er innslag av normert nynorsk og bokmål i den private «dialektskrivinga»?*

Forskingsspørsmål 1. tar utgangspunkt i innslag av dialekt i den private skrivinga, medan forskingsspørsmål 3. tar utgangspunkt i innslag av normert språk, slik som nynorsk og bokmål. Dersom ein ser det slik at den overordna norma for privatskriving mellom unge på sosiale medium er å skrive dialektalt, vil forskingsspørsmål 3. sjå spesifikt på standardsspråk i «dialektskrivinga» og såleis samanfall mellom dialekt og normert språk. I presentasjonen av resultata vil det vere fokus på samvariasjon mellom bruk av dialekt og standardsspråk, og korleis dette kjem til uttrykk skriftleg hos deltakarane. Eg vil òg ha eit gjennomgåande fokus på korleis vekslinga her er og om ein kan finne eit mønster. Forskingsspørsmål 1. og 3. er på mange måtar motsetnadar og ein vil om mogleg, kunne finne to ulike perspektiv på privatskrivinga.

1.3 Omgrepsforklaring

1.3.1 Multilektal skrivekunne

Omgrepa lektal og lektalitet handlar om språklæring både knytt til skrift og tale, der ein ser på bruk og meistring av ulike nærstående språk. Omgrepet har tett samanheng mellom anna med omgrep som dialektal. Dersom ein berre tar utgangspunkt i den skriftlege delen av multilektalitet ser ein på forholdet mellom skrivekunne og skrivedugleik i tråd med språklæring. Slik eg skreiv innleiingsvis, ser MultiLit på språkopplæring og skrivekunne med ulik tilnærming til standardspråka nynorsk og bokmål. Lektalitet handlar altså i skriftleg forstand om den kompetansen mange utviklar som inneberer skrivedugleik knytt til dei offisielle skriftspråka, samt bruk av dialektnær skriving i privat samanheng. Mæhlum og Røyneland (2012) deler Noreg inn i fire regionar: Vestlandet, Austlandet, Midt-Noreg og Nord-Noreg. MultiLit er interesserte i å hente inn data frå desse regionane og samanlikne den lektale skrivekunna hos unge i heile Noreg. I MultiLit tar ein utgangspunkt i at kompetanse i fleire nærstående språk, slik som til dømes nynorsk og bokmål skriftspråk, vil ha positiv effekt på allmennlæringa.

I område der talemålet ligg tett knytt til standardspråket er det tenkjeleg at ungdommar her vil skrive nært til standardspråket, også i privatskrivinga. Vangsnes (2019) viser til undersøkinga gjort av Opinion (2016) der berre 16 prosent av unge på sentrale Austlandet rapporterte om bruk av dialekt (Vangsnes, 2019, s. 95). Område som dette kan derfor knytast til monolektalitet, der denne gruppa utviklar høg kompetanse i eit skriftspråk, og bruker språket aktivt i forskjellige skrivekontekstar. MultiLit vil såleis undersøkje dette vidare. Dersom ein i tillegg til å ha kompetanse i eit av standardspråka, anten skriv talemålsnært i private samanhengar eller har høg kompetanse i begge skriftspråk kan ein sjåast på som bilektal, og fordi ein ser ein større tendens til dialektal skriving i Trøndelag og Nord-Noreg (jf. Røyneland og Vangsnes, 2020, Folkvord, 2020) vil utgangspunktet her vere at ein også kan finne bilektale ungdommar i dette området. Sistnemnde kategorien er trilektal eller multilektal, der tanken er at ungdommar med nynorsk som hovudmål ikkje berre utviklar kompetanse i eit av standardspråka, men at det er høgt sannsyn for at dei utviklar kompetanse i begge skriftspråk på grunn av så høg eksponering for bokmål i samfunnet generelt. Desse elevane vil truleg i tillegg til å meistre begge skriftspråk, også skrive talemålsnært i private samanhengar, fordi unge på Vestlandet hyppig bruker dialekt (Vangsnes, 2019). Derfor er det også forventta at dei aktivt vil veksle mellom fleire skrivemåtar og språk (jf. Helset og Brunstad, 2020). Vestlandet representerer også tradisjonelt sett eit større geografisk område der nynorsk står sterkt, derfor er hypotesen at elevar med nynorsk som

hovudmål, her vil ha ei brei skriftleg kompetanse som inneber både nynorsk og bokmål, samt «dialektskriving» (MultiLit, HVL 2023). Dette treng ikkje berre oppstå på Vestlandet, men òg generelt på stader der opplæringspråket er på nynorsk.

1.3.2 Autentisk skriving

For å undersøkje registrert språkbruk er det hensiktsmessig å sjå på autentiske tekstdata. Det betyr i all hovudsak at det ligg ein naturleg sosial kontekst rundt skrivesituasjonen framfor at det er ein bestemt kontekst eller skriveramme. Ein autentisk skrivesituasjon er spontan og fell som regel heilt naturleg. Det vil alltid vere ytre faktorar som påverkar ein skrivesituasjon, slik som til dømes innhald og publikum, men skrivesituasjonen er ikkje tvungen fram frå andre ytre aktørar. Fritidstekstane som er samla inn i denne studien kategoriserast derfor som autentisk tekstdata. Føremålet med å undersøkje desse er for å kunne få innsikt i korleis ein faktisk dialog mellom ungdommar utspeler seg og korleis ulike språkval, i den private skrivinga deira, kjem til uttrykk.

1.4 Struktur i teksten

Masteroppgåva er delt inn i fleire kapittel og relevante avsnitt. Innleiingsvis kjem ein generell introduksjon av oppgåva, samt ein presentasjon av bakgrunn for oppgåva og forskings-spørsmål. Eg vil i det neste kapittelet leggje fram teoretisk bakgrunn for oppgåva, med vekt på dialektskriving, språkveksling og dialektområde. Eg vil i same kapittel leggje fram relevant tidlegare forskning som tar føre seg liknande tema innafor digital skriving og dialektskriving. Det vil vere eit eige kapittel for val av metode for oppgåva, her vil eg gå nærare inn på kva metodiske val som har oppstått gjennom prosjektet og korleis eg har gått fram for å analysere dataa og dermed kunne svare på forskingsspørsmåla mine.

Resultata er basert på både kvantitative og kvalitative data, der eg har gjort ein komparativ analyse, med utgangspunkt i to område på Vestlandet. Desse områda har ulik føresetnadar og tilknytning til nynorsk, i den forstand at det nordlegaste utvalet har nynorsk som hovudmål og er busett i eit kjerneområde for nynorsk. Medan det sørlegaste utvalet har bokmål som hovudmål og er busett i ei randsone for nynorsk. Fleire av elevane i det sørlege utvalet har hatt nynorsk som hovudmål tidlegare i skuleløpet, men har omsider bytt til fordel for bokmål. I diskusjonskapittelet vil eg diskutere i kor stor grad og på kva for måte bruk av dialekt kjem til uttrykk i privatskrivinga.

2 Tidlegare forskning og teoretisk bakgrunn

Sjølv om det relativt sett finst lite forskning på bruk av dialekt i den norske digitale sfæren (Røyneland og Vangsnes, 2020, s. 358), finst det forskning knytt til digital skriving og nærare bestemt dialektskriving i Noreg. I dette kapittelet vil eg presentere den teoretiske bakgrunnen for oppgåva, i tillegg til eit utval tidlegare forskning på området.

2.1 Digital skriving

Den digitale skrivinga har hatt ei enorm utvikling sidan vi først såg snurten av det første digitalt skrivne ordet, etter dette har det vore ei omfattande omvelting i den teknologiske utviklinga, i form av utvida tekstdugleik og oppfatning av literacy, samt digital skrivekunne. Hårstad (2020) viser til denne teknologiske omveltinga, gjennom utviklinga av den digitale språkbruken og viser særleg til framveksten av nettspråket. Han legg vekt på skilnaden mellom digital tekstprodusering og dialogiske skrivepraksisar, der fellesskap og nettverk er nødvendige kontekstar for å kunne forstå det sosiale aspektet (Androutsopoulos, 2011) ved digital tekstprodusering (Referert til i Hårstad, 2020). Fokuset i den digitale utviklinga ligg altså ikkje berre på den faktiske digitale skrivinga ved hjelp av digitale verktøy, men at vi også skriv meir enn før og at vi opplever ein heilt anna grad av *sosialitet* i den tekstbaserte kommunikasjonen. Dette er aspekt ved den digitale skrivinga vi raskt kan kjenne att i form av nettverksdanning og interaksjon på ulike arenaer. Blant anna har likarklikk, kommentarar og reaksjonar på ytringar blitt ein stor del av liva våre på sosiale medium (Hårstad, 2020, s. 24). Vi ytrar oss og samhandlar med menneske i heile verda på ein heilt anna måte no, enn før.

Som eg nemnde innleiingsvis har den digitale utviklinga prega den skriftlege kommunikasjonen mellom menneske og Hårstad (2020, s. 22) argumenter for at digital skriftkompetanse er blitt ein sjølvsgt del av ordinær skrivekunne og viser til at tekstskaping i dag framstår som utenkjeleg utan digital teknologi. Vidare omtalar han nettspråket, som kjem frå omgrepet *Computer Mediated Kommunikasjon* (CMC), som følge av den utvida bruken av digitale plattformer. På norsk er CMC omtalt som «digitalt mediert språkbruk» (Mortensen og Stæhr, 2018, s. 14) og viser til all bruk av tekst, bilete, tale og emojiis (Hårstad, 2020, s. 22, 23). Fordi den tredje bølga av digital utvikling også viser til framvekst av det Androutsopoulos (2011, s. 281) kallar «The participatory-Web 2.0», er det tydeleg at brukarmedvirking har påverka måten vi kommuniserer på nett og at det igjen påverkar måten vi bruker språket på. Hasund (2002) undersøkte tidleg korleis den digitale utviklinga kunne ha påverknad på språket og korleis bruk

av dialekt vert sett på som eit «avvik» frå standardspråket og kan medføre at ungdommen gjer hærverk på det norske språket. Ho konkluderer likevel med at det ikkje er snakk om reduksjon eller rasering av standardspråket, men at digital, sosial skriving har opna opp for eit større skriftleg repertoar (Hasund, 2002, s. 172). Eit større skriftleg repertoar kan igjen sjåast i samanheng med utvikling av ein utvida skriftkompetanse, der særleg ungdommar er bevisst på ulike språkval, basert på kven som er publikum og kva som er den skriftlege konteksten (jf. Helset og Brunstad, 2020). Christoffersen (2016, s. 197) påpeiker at elevane i studien knytt til doktoravhandlinga hennar, var oppmerksame på dei ulike skriftlege situasjonane og meistra ulike medialekter til dei ulike formåla, noko som forsterkar ideen om at elevane har ein kontekstuell skrivekompetanse.

Helset og Brunstad (2020) legg fram i artikkelen deira at den digitale utviklinga vidare også har danna grunnlaget for ein massiv og spontant kvardagskommunikasjon og argumenterer for at den konstante tilgangen til kommunikasjon via digitale plattformer, som særleg ungdom har, har ført til at dei truleg produserer mangedobla mengder med tekst, samanlikna med dei som var unge for 10-20 år sidan. Dei drøftar også korleis den digitale kommunikasjonen i dag, førekjem utan regulering frå ein øvre normeringsinstans, noko som igjen opnar for utvida bruk av ulike skriftsspråktrekk, dialektar og stilar (Helset og Brunstad, 2020, s. 99).

2.2 Dialektskriving på sosiale medium

Det finst tidlegare forskning på bruk av dialekt i sosiale, digitale medium, trass i at det i norsk samanheng framleis er eit felt i stadig utvikling. Studien min er særleg i tett relasjon til Vangsnes (2019) og Røyneland og Vangsnes (2020), der forskingsspørsmåla mine i stor grad byggjer på deira tidlegare arbeid.

I Vangsnes (2019) sin artikkel om det norske perspektivet på bruk av dialekt i sosiale medium, ser han på dei geografiske forskjellane knytt til kvar i landet det førekjem mest og minst dialektskriving. Han hevdar at det er tre forhold som kan sjåast som forklaringar på desse forholda. I følgje Opinion (2016) førekjem det mest dialektskriving i Nord-Noreg (45 prosent), Midt-Noreg (42 prosent) og Vestlandet (36 prosent), medan det på Austlandet og Sørlandet (inkl. Telemark) er rapportert om omtrent halvparten (20, 21 prosent). Der ein derimot ser minst bruk av dialekt er på sentrale Austlandet, der det i Oslo er rapportert om berre 16 prosent bruk av dialekt (Vangsnes, 2019, s. 95). Vangsnes drøftar så slik han ser det, og som eg introduserte tidleg i oppgåva, ei todelt årsak til kvifor så mange nordmenn skriv dialekt i private saman-

hengar, her nemner han korleis bruken av sosiale medium er medverkande faktor for å trekkje skriftspråket i retning av talespråket, samtidig som at talespråket til mange nordmenn strukturelt sett vil vike frå standardspråket, i form av at folk bruker dialekt (2019, s. 102). Han legg også særleg vekt på at dialektskriving er størst der talemålet skil seg markant frå standardspråket bokmål. Han ser også på ulike normer for dialektskriving, der det varierer kor ortofon dialektskrivinga opptrer. Ved å sjå på tre ulike tekstprøvar, som alle kan seiast å vere dialektale, påpeiker han at det i sosiale medium, kvalitativt sett, kan førekomme store variasjonar på kor dialektprega ulike tekstar er. Den første teksten han ser på viser eit eksempel på ei svært ortofon attgiving av det aktuelle talemålet, noko som kjem til uttrykk både ved at den inneheld fonologiske, morfologiske og syntaktiske dialektale trekk. Den andre teksten har også ein god del dialektale trekk, men er likevel ikkje så ortofon som den første teksten. Den siste teksten kan sjåast på som eit døme der det er emblematiske trekk som gjer teksten dialektal, i teksten er det særleg pronomina som skil seg frå standardtalemålet (Vangsnes, 2019, s. 101).

Fenomenet dialektskriving kan seiast å ha sine røter frå det munnlege språk, og det er derfor å forvente ei munnleg og visuell tilnærming til skrivestilen. Utifrå det norske dialektlandskapet, er det også forventa at digital skrivning blir uttrykt dialektalt (Røyneland og Vangsnes, 2020, s. 363). På grunn av dette er det derfor i norsk kontekst naturleg å bruke omgrepet «dialektskriving» både når det gjeld digital og analog skrivesituasjon.

Røyneland og Vangsnes (2020) si undersøking tar utgangspunkt i bruk av dialekt hos unge i private samanhengar. I undersøkinga har dei samla inn eit datamateriale som kallast *Multilektale praksisar på sosiale medium* (MSPM), der dei har samla inn data frå totalt 1532 elevar på vidaregåande frå heile landet. Basert på firedelinga til Mæhlum og Røyneland (2012) har dei samla inn tekstdata frå kvar av dialektområda (Sunnmøre, Nordmøre, Lofoten og Nord-Gudbrandsdalen), der elevane fekk i oppgåve å produsere tekst til fire ulike tenkte skrivesituasjonar. Dei fire tenkte skrivesituasjonane var å (1) invitere ein venn på kino, (2) skrive ein melding til læraren, (3) poste eit innlegg på Instagram/Facebook/Snapchat der familien har fått nytt kjæledyr og (4) opprette ein anonym profil på eit diskusjonsforum (Røyneland og Vangsnes, 2020, s. 361). Funna i undersøkinga deira understreker at bruk av dialekt i private samanhengar er svært vanleg blant norske ungdommar og at det førekjem meir dialekt i dei skrivesituasjonane som er rekna som meir uformelle (kinoinvitasjon og nytt kjæledyr). Dette tydar derfor på at elevane har medvit om dei ulike skriftlege kontekstane og tilpassar språket deretter, både basert på plattform, tema og publikum (Røyneland og Vangsnes, 2020, s. 383-384). Vidare finn dei i undersøkinga si at ein vanleg måte å uttrykke seg dialektalt

på, er ved å skrive ortofont, noko som særleg kjem fram ved bortfall av stumme konsonantar. Dei konkluderer også med at eit viktig punkt innafor digital, sosial skriving handlar om dei ulike normforventingane, der aksepten for variasjon, hybriditet og normbrot er ganske stor (s. 384, 386).

2.2.1 Evjen (2011), Rotevatn (2014), Folkvord (2020) og Larsen (2022)

I eit utval av tidlegare masteroppgåver som tar føre seg liknande tematikk, viser det seg at ein finn fleire døme på at dialektskriving eller talemålsnær skriving i private samanhengar er vanleg, særleg blant den yngre generasjonen (Evjen, 2011, Rotevatn, 2014, Folkvord, 2020 og Larsen, 2022). Gjennomgåande for desse masteroppgåvene er fokus på bruk av dialekt i ulike samanhengar, men det er nokre klåre forskjellar og. Evjen (2011) i si mastergradsoppgåve ser særleg på korleis bruk av dialekt kjem til uttrykk i tre ulike diskusjonsforum knytt til tre ulike norske aviser (*nordlendingen.no*, *Fjordaglimt* og *mittglomdal.no*) som representerer tre ulike regionar. Her ser ho på årsakar til kvifor enkelte vel å skrive på dialekt, også i offentlege arena, med utgangspunkt i tematikk. Ho delte også skrivestilane i to måtar, ein formell standardisert og ein uformell dialektal skrivestil. Resultata i studien hennar viste mellom anna at ytringane frå Nord-Noreg var 13,0 prosent dialektale, medan det på Vestlandet var 5,4 prosent og 4,4 prosent på Austlandet (Evjen, 2011, s. 63). Utifrå dei to skrivestilane fann ho også ut at tematikk knytt til bil og trafikk inneheld mest bruk av dialekt, noko som også er emne som ofte utløyser engasjement. Til liks med Evjen (2011) ser også Folkvord (2019) på allereie produsert tekstdata i si masteroppgåve. Han rettar også eit nærare fokus på ulike normer innafor nettspråket. Han har samla inn allereie skrivne meldingar frå eit utval unge vaksne frå Trondheim og ser på kva for type ord og ytringar som ofte vert uttrykt dialektalt. Han slår fast at dei orda som oftast vert uttrykt talemålsnært er dei normerte orda som deltakarane ikkje oppfattar som representativt for den dialektale uttalen. Det er særleg personlege pronomen, bruk av apokope og bortfall av endings *-r* i ulike verbformer, som opptre i datamaterialet (Folkvord, 2020, s. 103).

Masteroppgåva til Rotevatn (2014, s. 63) tar derimot for seg sjølvrapportert språkbruk i ulike sosiale medium, blant elevar på Vestlandet. I undersøkinga finn ho ut at 75 prosent av elevane her rapporterte om bruk av dialekt på sosiale medium og at det varierer utifrå kva for plattform dei nyttar seg av. Med utgangspunkt i dialektbruk på Facebook, finn ho i undersøkinga at språkbruken er kontekstuell, altså at val av språk avheng av kva for kontekst det dreier seg om. 33,3 prosent rapporterer i undersøkinga hennar, at dei ville brukt dialekt overalt på Facebook, medan 58,3 prosent oppga at dei bruker mest dialekt i chat (Rotevatn, 2014, s. 66). Det viser

altså at elevane er medvitne om språkbruken sin og kvar dei nyttar meir eller mindre dialekt, avhengig av kven publikum er. Rotevatn (2014) introduserer også termen «snakkeskriving» på grunnlag av at respondentane hennar grunngjev at dei skriv slik dei gjer (dialekt), fordi det er slik dei snakkar. Larsen (2022) si masteroppgåve byggjer også vidare på at ungdommar veksler i språkbruken basert på skriftleg kontekst. Ho finn tydelege kontekstuelle forskjellar på bruk av dialekt, der elevane både bruker mindre dialekt og skriftleg palatalitet i dei formelle skrivesituasjonane (Larsen, 2022, s. 43). Ho finn også ut at elevane frå Nord-Noreg rapporterer om generelt sett meir bruk av dialekt kontra elevane frå Trøndelag. Studien hennar byggjer derfor vidare på det grunnlag om at det er hyppig førekomst av dialekt i skrift hos desse elevgruppene og at dei har god medvit om kontekstuelle skrivesituasjonar.

Undersøkinga til Larsen (2022) byggjer vidare på MSPM-undersøkinga, det same datamaterialet som Røyneland og Vangsnes (2020). MSPM-undersøkinga gir eit eksempel på ikkje-autentiske skrivesituasjonar, der elevane har fått gitte rammer og forventningar rundt korleis skrivinga skal utspele seg og skrivaren er klar over desse. I denne undersøkinga kan ein til dels kartleggje korleis den autentiske skrivinga ville vore, men ein må ta høgde for at deltakarane anten kan ha over -eller underrapportert språktrekk (Norrby og Håkonsen, 2015). Fordelen med ei slik skriveoppgåve er likevel at ein til ein viss grad kan framtvinge ønska type tekstdata, der ein blant anna kan samanlikne førekomsten av same ytringar.

2.3 Språkveksling

Språkveksling handlar om å kodeveksle, altså å byte språk eller måte å snakke eller skrive på, basert på språksosiale omgivingar (Vulchanova m.fl. 2012, s. 156). Samanlikna med omgrepet kodeveksling som ofte handlar om norsk og engelsk, kan ein i norsk samanheng sjå på språkveksling knytt til veksling mellom nynorsk, bokmål og/eller dialekt nær skriving (jf. Helset og Brunstad, 2020). Helset og Brunstad (2020, s. 97) har gjennomført ein studie der dei ser på språkvekslinga mellom nynorsk, bokmål og dialekt hos ungdommar med nynorsk som hovudmål. Dei legg såleis fram ein hypotese om at språkvekslinga førekjem systematisk, altså at val av språk baserer seg på kontekstuelle samanhengar. Vidare nemner dei omgrepet metaspråkleg medvit i samanheng med språkveksling, der det å vere klar over eigen språkbruk og evna til å kunne veksle, er ein praksis særleg nynorskelevar kan kjenne att (Helset og Brunstad, 2020, s. 98). Vidare finn dei i undersøkinga at ungdom frå det nynorske kjerneområdet (sjå avsnitt 2.4) i stor grad veksler i språkbruken sin, og diskuterer at elevane har ei tydeleg kontekstuell normforventing om kva for språk dei skal bruke til ei kvar tid. Det

ligg i tillegg ei forventning om mottakar som også utgjer ei forventning om språkval (Helset og Brunstad, 2020, s. 114). Eit viktig punkt, særleg innafor sosiolingvistikken, men også noko vi lærer tidleg i norskfaget som ein del av skriveopplæringa, er nettopp det å ta utgangspunkt i sendar og mottakar. I følgje Bell (1984) er viktigheita av «audience design» basert på kva påverknad ytre faktorar som tema og kontekst, vil ha på forfattaren. Dette er viktig for å kunne tilpasse språket basert på kven som er publikum og kva som skal formidlast (omtalt i Røyneland & Vangsnes, 2021, s. 363). Helset og Brunstad (2020) finn i undersøkinga at det blant desse elevgruppene er dialekt nær skrivning som dominerer i sosiale medium, medan elevane i all hovudsak nyttar nynorsk i formelle skrivesituasjonar. Noko som såleis forsterkar idéen om at nynorskelevar kontinuerleg tar språkval basert på den språklege konteksten dei finn seg i, samt at dei har metaspråkleg medvit knytt til dette. Helset og Brunstad (2020, s. 115) påpeiker også at ungdommane har ein omfattande tekstkompetanse og eit stort språkleg repertoar, som samla sett utgjer språkleg rikdom.

2.4 Språkbruk

2.4.1 Kjerneområde for nynorsk

Eit kjerneområde for nynorsk omhandlar eit geografisk område der ein ser at nynorsk er majoritetsspråket, i dette området ser ein at fleirtalet av elevane har nynorsk som hovudmål på skulen, lokale media opererer på nynorsk og administrasjonsspråket på alle offentlege kanalar er nynorsk. Altså er det fleire kommunar som bruker og formidlar nynorsk som bruks- og administrasjonsspråk. Det nynorske kjerneområdet har fått ei regional forankring på Vestlandet, nord for Rogaland og med delar av Telemark. Området er karakterisert ved at lokalsamfunnet formidlar nynorsk som det absolutte majoritetsspråket, som inkluderer skulesamanheng, administrasjon, kultur, media ol. (Helset og Brunstad, 2020, s. 96-97).

Det er viktig å presisere at nynorsk likevel er offisielt språk i heile Noreg, og er ikkje avgrensa til berre desse områda på Vestlandet. Tanken er likevel at ein i dette området ser ei sterkare politisk vilje til å formidle nynorsk, samt at ein blant anna finn institusjonar som tilbyr høgare utdanning og forskning på nynorsk (Helset og Brunstad, 2020, s. 97).

2.4.2 Randsone for nynorsk

Dei områda i Noreg som tradisjonelt sett har ei sterk tilknytning til nynorsk, men som er i særleg press frå bokmål, vert kalla randsoner (Wold, 2018, s. 78). Desse områda er ofte særleg prega av demografiske endringar, slik som at det til dømes blir etablert nærare tilknytning til byar eller på grunn av tilflytting av bokmålsbrukarar.

Bourdieu (1991) skriv om den lingvistiske marknadsplassen, som handlar om språk og makt, og viser til at majoritetsspråka er tildelt høgare status og får derfor fleire marknadsfordelar i samfunnet. Når bokmål, som er det mest brukte skriftspråket i Noreg, får større plass i tradisjonelle nynorskområda, kan det vere med på å styrke det Grepstad kallar «den nynorske lekkasjen» (omtalt i Wold, 2018, s. 78), dette betyr i praksis at det er ein minkande utvikling i antal nynorskbrukarar. Konsekvensar av dette er derfor at færre har nynorsk som opplæringspråk på skulen, eller at dei i så tilfelle skiftar frå nynorsk til bokmål i løpet av skulegangen.

2.5 Vestnorsk dialektområde

Mæhlum og Røyneland (2012, s. 98) viser til ei firedeling av det norske dialektlandskapet, desse er austnorsk, vestnorsk, trøndersk og nordnorsk. Innafor desse fire områda finn ein fleire underområder som har sine egne kjenneteikn. Vestnorsk dialektområde omfattar Sunnmøre og Romsdal, samt dei tre fylka Vestland, Rogaland og Agder. Underområda som vert kategorisert som vestnorsk er derfor nordvestlandsk, sørvestlandsk og sørlandsk (s. 95). Dei overordna dialektene som er representert høyrer til sørvestlandsk og blir presentert nærare i følgjande avsnitt.

2.5.1 Vossa -og hardangermål

Voss og Hardanger er to ulike område, som begge ligg geografisk plassert i dei indre og nordlege delane av gamle Hordaland fylke. Vossamål og hardangermål kan kategoriserast som to forskjellige dialektområde, men dei har ein heil del dialekttrekk til felles. For å plassere det nordlege utvalet i studien har eg valt å slå saman dei to dialektområda til eit. Vossa –og hardangermål høyrer til dialektområdet sørvestlandsk (Mæhlum og Røyneland, 2012, s. 92), der typiske kjenneteikn for området blant anna er *a*-mål i infinitiv og svake hokjønnsord, pronomena *eg* og *me*, nektingsadverb *ikkje*, samt karakteristisk skarre-*r* (uvular frikativ). Voss har tradisjonelt sett hatt rulle-*r*, men er også eit av områda der ein ser at skarre-*r* er utbreiande blant yngre språkbrukarar (Mæhlum og Røyneland, 2012, s. 97). Eit anna viktig dialekttrekk

ein finn i dette området er kløyving eller delt femininum, noko som betyr at ein i svake hokjønnsord finn *o*-ending, medan sterke hokjønnsord får *e*-ending. Samt finn ein bortfall av endings-*r* i fleirtalsbøying av substantiv. Ein har også tradisjonelt sett funne innskotsvokal i sørvestlandsk, der ein på Voss og delar av Hardanger finn *-u* i staden for *-e*. Lengst nord kan ein også finne diftongering av lange vokalar, samt ei markant uttale av diftongane *ei* og *øy*, til dømes *haim* for *heim* og *kjåyra* for *kjøyre* (Mæhlum og Røyneland, 2012, s. 98).

2.5.2 Haugalandsdialekt

Haugalandet er eit geografisk område som rommar halvøya nord for Boknafjorden i Rogaland til dei sørlege delane av Bømle -og Hardangerfjorden. Området inkluderer også Haugesund by som er det største sentrumet i regionen (Thorsnæs, 2021). Dialektane i området er prega av sørvestlandske trekk og har derfor nokre felles dialekttrekk med førre dialektområde (Mæhlum og Røyneland, 2012, s. 96). Karakteristisk for dette området er blant anna også *a*-mål i infinitiv, samt både svake og sterke hokjønnsord. Også her finn ein skarre-*r* (uvular frikativ), bruken av pronomena *eg* og *me*, samt nektingsadverb *ikkje* (Mæhlum og Røyneland, 2012, s. 97). I Haugesund kan ein også finne bruk av *ikke*, noko som særleg er meir utbreidd i bykjernen og blant yngre språkbrukarar her og i områda rundt. I substantivsbøying finn ein vanlegvis *-o* eller *-å* ending i bestemt form eintal, der ein hovudregel som ofte skil desse, er at ein tradisjonelt sett finn *-o* ending i Sunnhordland, og *-å* ending i Rogaland (Mæhlum og Røyneland, 2012, s. 98), desse er likevel overlappande. Ein finn ikkje delt femininum, slik som i det nordlegare dialektområde. Bortfall av endings *-r* presens av svake verb, samt innskotsvokal *e* i presens av sterke verb, er også dialektmarkørar i dette området (Mæhlum og Røyneland, 2012, s. 98).

3 Metode for oppgåva

Dei metodiske vala tar alltid utgangspunkt i problemstillinga og i denne delen vil eg leggje fram val av metode for masteroppgåva mi, og korleis eg har gått fram for å samle inn dei ulike dataa. Slik eg har nemnt innleiingsvis, er eg interessert i å finne ut korleis unge i alderen 14-15 år skriv når dei skriv privat til andre jamaldrande på digitale, sosiale medium. Nærare bestemt ønskjer eg å undersøkje korleis innslag av dialekt utspeler seg i dei private meldingane til ungdommane. Samtidig er det interessant å sjå på innslag av normert nynorsk og bokmål, og korleis ein eventuelt kan kople det opp mot den private skrivinga hos ungdommane. Kapittelet vil ta for seg teoretisk bakgrunn for metodeval, framgangsmåte og prosedyre for innsamling og handsaming av dataa.

3.1 Val av metode

For å få ei breiare forståing av den digitale språkbruken som ungdommar i dag har, og som eit utgangspunkt for å kunne svare på problemstillinga, er eg på jakt etter bruk av dialektord og-uttrykk, samt bruken av normert språk, som kjem til syne i den private skrivinga til ungdommane. Eg har i denne oppgåva derfor valt å kombinere både kvalitative og kvantitative metodar. Tyngda vil likevel liggje på den kvalitative delen, fordi det er her eg skal sjå nærare på faktiske fritidstekstar som elevar på 9. trinn har skrive. Elevane har også svart på eit digitalt skjema med spørsmål om bakgrunnsinformasjon. Svara på dette kan brukast som eit hjelpemiddel i analysedelen, blant anna for å kunne kartleggje språkbakgrunn og rapportert språkbruk og deretter kunne kople dette til registrert språkbruk.

Val av metode er òg prega av mi rolle i MultiLit, samt det overordna tema og dei overordna forskingsspørsmåla for masteroppgåva. Forskingsspørsmåla repetert:

1. *På kva måte ser ein innslag av dialekt i privatskriving på digitale, sosiale medium, hos to grupper ungdommar på Vestlandet, med ulik tilknytning til nynorsk skriftspråk?*
2. *Finst det eit overordna lokalt mønster, på dei to stadene?*
3. *Korleis er innslag av normert nynorsk og bokmål i den private «dialektskrivinga»*

Ved å bruke og undersøkje private meldingar som ungdommar har sendt til kvarandre, kan ein få ei breiare innsikt i korleis den føretrekte språkbruken deira er i uformelle settingar. Ytre påverknad, slik som at ungdommane til dømes skriv *breiare*, *finare* (sjå Hårstad mfl., 2021) eller med meir eller mindre rettskriving enn dei eigentleg ville gjort til vanleg, er faktorar ein

er nøydd til å ta i betraktning. Ytre faktorar er alltid til stades og det er interessant å sjå nærare på kor foranderleg skrivepraksisen deira kan vere. Dersom ungdommane til dømes hadde fått utdelt ei skriveoppgåve, med språkforskar til stades, kunne ein risikert at skrivepraksisen ville vore annleis enn om den var skrive utan denne spesifikke konteksten. Det synest derfor å vere ein fordel å undersøkje tekst som er produsert i eit tidlegare avgrensa tidsrom, noko som ligg til grunn i denne oppgåva.

3.1.1 Kombinert metode

For å forske nærare på faktiske meldingar (fritidstekstar) ville eg i tillegg ha moglegheita til å bruke den språklege bakgrunnen til deltakarane som eit hjelpemiddel, både for å kunne leggje merke til deira metaspråklege medvit, men også for å forsterke validiteten til forskinga. Kombinert metodologi («Mixed methodology») eller multimetode er ein framgangsmåte som gjer det mogleg å angripe eit eller fleire forskingsspørsmål med ulik vinkling. Kombinert metode er kjenneteikna ved å samle inn og analysere både kvalitative og kvantitative data i ein og same studie (Creswell, 2003, s. 13, referert til i Mackey og Bryfonski, 2018). På denne måten får forskaren høve til å undersøkje eit og same fenomen frå ulike teoretiske perspektiv (Mackey & Bryfonski, 2018, s. 103, 106). I mitt tilfelle vil det å kombinere metode kunne opne opp for å gå endå meir i djupna på spesifikk skrivepraksis hos ungdommane, samtidig som ein kan knyte skrivepraksisane opp mot den språklege bakgrunnen deira. Det finst ulike måtar å kombinere metode på og kva type kombinasjon ein vel, avheng av kva type framgangsmåte ein ønskjer å bruke for å på best mogleg måte svare på forskingsspørsmåla. Her er det snakk om å bruke kvantitativ metode for å støtte opp under den kvalitative delen av masteroppgåva, noko som Mackey og Bryfonski (2018) kallar for «concurrent embedded design» (s. 107). Dette betyr at alle data i studien er samla inn samstundes, men ikkje alle data blir vektlagt likt i analysen, nettopp fordi tyngda i analysen ligg på analyseringa av eitt datasett, i mitt tilfelle fritidstekstane (kvalitative data).

3.1.2 Val av deltakarar

Val av metode og det første utvalet av deltakarar låg allereie til grunn då eg involverte meg i MultiLit. Forskarane skal samle inn tekstdata frå fleire stader i Noreg, og i dette tilfelle skal den aktuelle staden representere det geografiske området der nynorsk tradisjonelt sett står sterkt.

I dette utvalet er deltakarane busette i eit kjerneområde for nynorsk i den nordlege og indre delen av Hordaland², utvalet vert derfor kalla for det nordlege utvalet heretter.

Eg har samtidig valt å gjere ein komparativ analyse, ved å samanlikne skrivepraksisar og språkbruk på to ulike stader på Vestlandet. Det vil seie at eg også sjølv har henta inn tekstdata og det andre utvalet av deltakarar, ved å bruke same prosedyre for innsamling av tekstdata (Lunde og Røynealand, 2023). Deltakarane i begge utvala er like gamle, er busett på sørvestlandet og dei har same føresetnadar for deltaking. Hovudskilnaden mellom deltakarane er at i det nordlege utvalet har majoriteten nynorsk som hovudmål, medan det sørlege utvalet har bokmål som hovudmål. Sistnemnde utval er busett på Haugalandet³ i eit område som tradisjonelt sett har vore eit nynorskområde, men som dei siste åra har utvikla seg til å bli ei randzone for nynorsk (sjå m.a. Wold, 2019). Området er prega av språkbyte frå nynorsk til bokmål og påverknad frå Haugesund bymål. Nokre av elevane i utvalet har tidlegare hatt nynorsk som hovudmål, men har seinare bytt.

Begge utvala av deltakarar er gjort strategisk (Mears, 2012, s. 171). Fordi det nordlege utvalet har ei nærare tilknytning til nynorsk skriftspråk enn det sørlege utvalet, blir dette ein skilnad. Deltakarane i det andre utvalet er derfor frå ei randzone, men har likevel ei overordna dialekt som har nynorskliknande trekk. Geografisk område er derfor tatt i betraktning i begge utvala, i tillegg til at det låg eit alderskrav til grunne. Fordi eg sjølv er frå Haugalandet hadde eg kunnskap om kva stader som utnemnde seg som randsoner, og bad derfor om å få ha femteårs praksisen min på ein skule i nærleiken. Eg gjennomførte første del av datainnsamlinga i veke 43 (hausten, 2022), saman med MultiLit, og den andre delen av datainnsamlinga i veke 3 (våren, 2023) i samband med vekepraksisen min. For å få nok materiale og fordi det same utvalet av elevar som har donert fritidstekstar skal stemme overeins, består det nordlege utvalet av 14 elevar fordelt på to parallellklassar. Det sørlege utvalet består av ein parallellklasse med 19 deltakarar. Totalt baserer derfor datamaterialet seg på 33 deltakarar, som både har svart på bakgrunnskjema og donert fritidstekstar. Omfanget av kor mange meldingar kvar deltakar har delt, varierer.

² Geografisk område basert på dei gamle fylkesgrensene, no Vestland fylke.

³ Geografisk område som rommar Nord-Rogaland og deler av Sunnhordaland.

3.2 Innsamling av tekstdata som metode

3.2.1 Bakgrunn for innsamling av fritidstekstar

Prosedyren for innsamling av fritidstekstar er utvikla av stipendiat ved Høgskulen på Vestlandet, Kirsti Lunde, i samband med hennar ph.d.-prosjekt, og med innspel frå leiar for arbeidspakke 2 i MultiLit, Unn Røynealand. Prosedyren er skildra i Lunde og Røynealand (2023). Ved å samle inn autentiske meldingar får ein ei djupare innsikt i korleis den reelle skrivepraksisen mellom unge i private settingar er og korleis den eventuelt endrar seg basert på kontekst. Fordelen med å forske på slike tekstdata er at datamaterialet allereie finst som skrift, og Androutsopoulos (2018) skil mellom to ulike hovuddesign for å hente inn tekstdata. Desse er brukarbasert og skjermbasert datainnsamling. Brukarbasert datainnsamling handlar om å gjennomføre observasjon eller intervju, og forskaren samlar inn tekstdata ved å vere til stades under innsamlinga og i kontakt med deltakarane. På den andre sida går skjermbasert datainnsamling ut på å samle inn ferdigproduserte data, anten frå kommentarfelt eller forum (Androutsopoulos, 2018, s. 236). Når det gjeld innsamling av tekstdata diskuterer Androutsopoulos at ved innsamling av private digitale tekstdata er eit alternativ at deltakarane sjølv donerer tekstdata til forskaren (Androutsopoulos, 2018, s. 237). Lunde og Røynealand (2023, s. 2-3) diskuterer at prosedyren liknar på ein brukarbasert datainnsamling, fordi den inkluderer at forskaren er i direkte kontakt med deltakarane under innsamling av fritidstekstar. Vidare drøftar dei observatørens paradoks i forhold til ulike tilnærmingar for innhenting av slike tekstdata, og måten dei har valt å gå paradokset i møte er derfor at deltakarane sjølv donerer allereie produserte meldingar, innafor eit avgrensa tidsrom, utan at forskar har vore involvert. På denne måten har forskar ikkje vore til stades under produksjon av dataa (Lunde og Røynealand, 2023, s. 3). Ei utfordring med denne måten å samle inn tekstdata på, er at ein på mange måtar ansvarleggjer deltakarane i form av at det er deltakarane sjølv som er ansvarlege for kva datamateriale som blir donert til forskaren, noko som kan opplevast som ein byrde. Forskaren er også fullt avhengig av samarbeidsviljen til deltakarane, og det er derfor særskilt viktig i eit slikt prosjekt at forskar er klar og tydeleg (Lunde og Røynealand, 2023, s. 3). Ein fordel for å forsøke å minske deltakingsbyrden er derfor at forskaren har eit tett og godt samarbeid med deltakarane om donasjonane og at innsamlinga ikkje krev noko form for førebuing eller forarbeid. Ein særskilt viktig del av prosedyren som kjem fram seinare (under arbeidshefte og snakkepunkt), er viktigheita av å tydeleggjere ovanfor deltakarane at dei til ei kvar tid har moglegheit til å trekkje seg.

3.2.2 Prosedyre for innsamling av fritidstekstar

Prosedyren til Lunde og Røynealand (2023) går som tidlegare nemnt ut på å samle inn private, reelt produserte fritidstekstar. Fritidstekst tyder at det er tekst som er produsert i ein autentisk skrivesituasjon, slik som i ungdommane si fritid der teksten ikkje til dømes er skulerelatert. Deltakarane gir samtykke og donerer allereie produserte private meldingar som dei har sendt til jamaldrande. Eit viktig punkt innafor prosedyren er også å sikre samtykke og tredjeparts-godkjenning (Lunde og Røynealand, 2023, s. 7). Då innsamlinga av det nordlege utvalet, som var eit markant større utval, var derfor også eit krav at meldingane var sendt til andre i klassen/ på trinnet. I prosedyren vel elevane sjølve kva app eller plattform dei donerer meldingar frå, og om det er frå ein gruppesamtale eller samtale med éin. Dei står også fritt til å dele så mange meldingar dei sjølve ønskjer (Lunde og Røynealand, 2023, s. 2).

For å samle inn fritidstekstane er det nødvendig å bruke ein ekstern eining som ikkje er privat, på grunn av dei rammene HVL har sett knytt til handsaming av gule data. Under innsamlinga brukte vi derfor iPad som var drifta av Høgskulen på Vestlandet, og dette gjorde eg også i andre runde av datainnsamling på eiga hand. Eleven tar sjølv bilete av eigen telefon, med samtalen ope, ved bruk av iPaden. Bileta blir så lasta opp i OneDrive for sikker lagring, og deretter sletta frå HVL-iPaden lokalt. Forskaren nyttar gjenkjenn tekst i bilete-teknologi på iPad, for å eksportere skjermbilete til tekstdata og deretter få første grovtranskripsjon. Fintranskriberinga skjer etter at datainnsamling er avslutta (Lunde og Røynealand, 2023, s. 4). I OneDrive vert skjermbilete, grov -og fintranskripsjon anonymisert og lagra i ei mappe. Mappene er sortert individuelt og kategorisert etter elevane sitt kodennummer.

Det finst både ulemper og fordelar med prosedyren for innsamling, og Lunde og Røynealand (2023) drøftar nokre av dei. Nokre av ulempene er at det er fleire einingar involvert, og det ville ha vore meir effektivt å eksportert skjermbileta direkte frå eleven sin mobil til sikker lagring. Forskaren er også nøydd til å kvalitetssikre bileta frå iPaden, slik som at dei er skarpe nok og inkluderer heile skjermen (Lunde og Røynealand, 2023, s. 5). Fordelane med prosedyren er likevel at handsaminga av tekstdataa, som blir klassifiserte som gule i trafikklysmodellen, oppfyller HVL sine retningslinjer. Dette er data som ikkje inneheld særskilde helseopplysningar om deltakarane, men som kan innehalde alminnelege personopplysningar og krev ei viss trygging. Trafikklysmodellen er til for å sikre at innsamling, handsaming og lagring av materiale med ulik klassifikasjon er påliteleg. Prosedyren nyttast uavhengig av kva app

deltakarane deler frå, samtidig sikrar den at overføringa skjer på raskaste måte, altså frå eleven sin mobil til trygg lagring innafør HVL sine retningslinjer (Lunde og Røynealand, 2023, s. 5).

3.2.3 Arbeidshefte og snakkepunkt

Under første innsamling av fritidstekstar var vi fleire forskarar til stades, tre forskarar og tre masterstudentar. For å sikre dei etiske omsyna heldt vi oss til eit arbeidshefte (Lunde og Røynealand, 2023). I arbeidsheftet låg ei sjekklister med oversikt over kven som hadde delt meldingar med kven, kven som hadde gitt munnleg samtykke til deling og publisering, samt snakkepunkt som forskarane skulle forhalde seg til under innsamling av fritidstekstar. Eg forhold meg òg til arbeidsheftet i andre runde av datainnsamling.

Før og under innsamlinga var sjekklister svært viktig. I sjekklister fekk forskarane oversikt over klasselister, kven som hadde gitt samtykke og til kva (deling av melding, intervju og publisering), kven samtalepartner er og kodennummer som kvar enkelt elev fekk utdelt. Samtykke til intervju var berre aktuelt hos det nordlege utvalet, då det var ei meir omfattande datainnsamling. I mitt tilfellet var det berre samtykke til deling og publisering som var aktuelt. Koden brukte elevane både på spørjeskjema og ved innsamling av fritidstekstar, noko som sikra anonymitet ved lagring og fintranskripsjon, samt gjere det mogleg for forskarane å kople bakgrunsskjemaet til dei same elevane som har delt fritidstekstar (Lunde og Røynealand, 2023, s. 10-11). Kodennummer vart kategorisert etter parallellklasse, noko som utgjorde 100 til 600. Eg brukte same organiseringa i andre runde av innsamlinga, men med tusental i staden for hundre. Sidan det berre var ein parallellklasse i det andre utvalet fekk deltakargruppa kodennummer på 3000.

Snakkepunktene i arbeidsheftet var utvikla for å sikre at personvernrettane og alle etiske omsyn vart ivaretekne, særleg når vi var fleire forskarar som samla inn tekstdata samstundes (Lunde og Røynealand, 2023, s. 10). Snakkepunktene framstår på mange måtar som eit manus der det ligg føringar for korleis vi forskarar skulle gå fram før, under og etter innsamling av fritidstekstar. Eit av snakkepunktene inneber til dømes at forskaren alltid skulle begynne prosedyren med å helse på eleven, fortelje kva ein heiter og kva prosedyren for innsamling av fritidstekstar gjekk ut på. Snakkepunktene skal også sikre at deltakarane ved gjentekne tilfelle får høve til å gi munnleg samtykke til å fortsette og på denne måten har dei også alltid moglegheit til å trekkje seg utan konsekvensar (Lunde og Røynealand, 2023, s. 7, 10).

3.2.4 Ethiske omsyn og personvern

Det er strenge retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora når det gjeld born og personvern. Forskaren har eit ansvar å oppretthalde, når det gjeld handsaming av personopplysingar når forskinga inkluderer menneske. Personopplysing blir rekna som alle opplysingar om ein identifisert eller identifiserbar fysisk person som direkte eller indirekte kan identifiserast, særleg ved hjelp av identifikatorar. Identifikator kan til dømes vere namn eller personlege kjenneteikn til ein person, slik som fysisk, etnisk eller sosial identitet (Personopplysningsloven, 2018). Fordi skriftspråklege val inneber sosial meining på same måte som det kjem til uttrykk i val av munnleg språk, kan ei språkleg opplysing potensielt vere ei personopplysing (Bakkevoll og Somby, 2022), det er derfor særst viktig i eit tilfelle som her, kor det er barn involvert, at forskaren handsamar dataa i tråd med retningslinjene.

3.3 Handsaming av tekstdata

Under innsamlinga av fritidstekstane gjennomførte vi òg grovtranskripsjonane, desse bestod av ufullstendige tekstdata i form av at dei verken var anonymisert eller lagt inn med kodenummer. Etter fullført datainnsamling fullførte vi transkripsjonsarbeidet ved å fintranskribere. Fintranskripsjonen var til for å få gjort dataa om til fullstendig tekstdata. Her brukte vi grovtranskripsjonen som eit første utkast til tekstdataa og fintranskriberte deretter. I fintranskripsjonen skulle alle identifiserbare element som til dømes stadnamn og personnamn anonymiserast, den skulle òg inkludere kva app tekstdataa var delt frå, kva for kodenummer som har donert kva melding og kva for kodenummer som er samtalepartnar. På denne måten skil ein mellom kva for kandidat som har donert meldingane og kva for kandidat som opptrer som samtalepartnar i den spesifikke samtalen/donasjonen, samtidig som ein sikrar anonymitet. Eit døme på ein fintranskripsjon er gitt her:

3002-1: 3002: jaa selvfølgelig[Emoji]
3002-2: 3010: Gøøyyy[Emoji] Når e det?
3002-3: 3002: e ikkje heilt sikker ennp
3002-4: 3002: men sie når eg vett noe
3002-5: 3010: Okii
3002-6: 3002: tror d blei kl2
3002-7: 3010: Oki
[...]

Dette utdraget er frå fintranskripsjonen av meldingsutvekslinga til kandidat 3002. Her viser det tydeleg at det er kandidat 3002 som er hovuddeltakar og donor av meldingane, fordi det er det gitte kodennummeret som står først etterfølgt av talrekkje. Ein ser òg tydeleg kven det er som har sendt kva for ei melding og i kva rekkjefølge. Samtalepartnaren i dette tilfellet er kandidat 3010 og opptre her berre som samtalepartner og ikkje som donor. Jamført med dei etiske omsyna for handsaming av dataa er eit krav at samtalepartner gir eksplisitt samtykke til dei meldingane som er donerte. Forskaren skal derfor ha tredjepartsgodkjenning for å sikre at deltakarane som opptre som samtalepartnerar gir sitt samtykke til eit klart og presist formulert formål (Datatilsynet, 2019, referert til i Lunde og Røyneland, 2023, s. 6, 10).

3.3.1 Koding og kategorisering av datamaterialet

Som nemnt i førre avsnitt vert fintranskripsjonen til kvart kodennummer anonymisert og lagra individuelt i kvar si mappe i OneDrive. Etter å ha fintranskribert alle skjermbileta kunne eg begynne å kode datamaterialet. Slik Kvale og Brinkmann (2015, s. 226-229) foreslår brukte eg nokre nøkkelord eg hadde bestemt meg for på førehand og danna på denne måten merkelappar. Desse nytta eg for å få ei oversikt over dei skriftlege utsegnene slik at eg kunne begynne å tolke dei. Nøkkelorda eg valde meg ut var *dialektord/-utsegn*, *nynorskord*, *bokmålsord*, *samantrekning*, *forlenging* og *kodeveksling*. Eg har henta inspirasjon frå Røyneland og Vangsnes (2020, s. 360) der dei diskuterer dialektskriving i form av få eller mange emblematiske eller ortofone trekk. Studien har ikkje særleg fokus på kodeveksling mellom norsk og engelsk, men eg syntest likevel det var interessant å skilje det ut. Desse nøkkelorda legg grunnlaget for korleis eg skil bruk av dialektale trekk frå standard nynorsk eller bokmålsuttrykk.

Eg valde å kode datamaterialet manuelt, og dette gjorde eg ved å opprette tabellar i Word og fylle inn ved hjelp av merkelappane som nemnde i avsnittet over. Eg gjekk gjennom kvar fintranskripsjon og henta ut dialektord, normerte nynorsk -og bokmålsord, inkludert eksempel på samantrekkingar, forlenging og kodeveksling. Kodeveksling valde eg å inkludere for å kunne sjå på bruk av engelsk og dialekt i samanheng med digital sosial skriving, medan samantrekkingar og forlenging kan vere eksempel på CMC-trekk i skrivinga. På grunn av avgrensing både for oppgåva og datamaterialets omfang, har eg plukka ut ord og uttrykk som utpeiker seg som typiske ortofone og/eller som inneheld emblematiske dialektmarkørar (Røyneland og Vangsnes, 2020, s. 360). Dette liknar også på kategoriseringa gjort av Evjen (2011, s. 44), der ho kategoriserte ei ytring som dialektal så lenge den inneheld minst eitt morfologisk eller fonologisk avvik. Dialektmarkørane i materialet mitt vil på grunn av at

tekstdataa kjem frå to ulike geografiske område, og derfor to ulike dialektområde, vere forskjellige. Dei vil nok likevel også vere overlappende då begge dialektområda høyrer til språkområdet sørvestlandsk (Mæhlum og Røyneland, 2012, s. 95), og derfor har fleire felles dialektmarkørar. Kategoriseringa av tekstdataa vart sjåande slik ut:

Kandidat	Dialekt	Nynorsk	Bokmål	Samantrekking	Kodeveksling
----------	---------	---------	--------	---------------	--------------

I kategoriseringa blir både dialektale ytringar og normerte uttrykk inkludert. Mange av dei normert språklege ytringane inkluderer ord og uttrykk som også er dialektmarkørar, slik som til dømes bruk av pronomen *eg* og *me*, samt ulike variantar av nektingsadverbet *ikkje*. Dette vil bli drøfta nærare i avsnitt 4.3.

For å gå meir kvalitativt til verks har eg også analysert delte meldingar frå eit utval på til saman ni deltakarar, fire og fem frå kvart av utvala. Her markerte eg unike dialektord, som då skil seg frå normalortografi enten fonologisk eller morfologisk. I tillegg markerte eg dialektord som har samanfall med normert nynorsk, som til dømes bruk av pronomen, nektingsadverb, tidsadverb osv. Deretter telte eg kor mange førekomstar ein fann hos kvar deltakar, og kunne dermed finne prosent på kor mykje registrert dialekt som førekjem hos den enkelte.

3.4 Spørjeskjema som metode⁴

Spørjeundersøkingar er ein svært vanleg metode innanfor kvantitativ forskning, og ein er her opptatt av å kunne sjå samanhengar mellom ulike variablar, i dette tilfelle samanhengen mellom rapportert og registrert språkbruk. Variablane kan til dømes vere sosiale og/eller språklege, og ein kan dermed finne korrelasjon knytt til fenomenet (Lagerholm, 2010, s. 41). Spørjeundersøkingar er også godt eigna når ein skal inkludere så mange deltakarar som mogleg. Kvantitative metodar omfattar ofte store utval av deltakarar (Thagaard 2018, s. 16) og ein vil på denne måten heller få eit overblikk over omfanget framfor å gå i djupna på det språklege fenomenet (Lagerholm 2010, s. 38).

⁴ Delar av dette avsnittet er henta frå semesteroppgåva mi i sosiolingvistik, NOR-3032, hausten 2022. Garatun (2022).

3.4.1 Utforming av bakgrunsskjema

Spørjeskjemaet som er brukt i denne oppgåva kallast for bakgrunsskjema og er ein måte å kartleggje språkbakgrunn og språkbruk hos ungdommar. Bakgrunsskjemaet er utvikla av forskarar i MultiLit-prosjektet, og eg tok ikkje del i utforminga av det. I andre runde av datainnsamlinga var eg likevel nøydd til å gjere nokre justeringar i spørjeskjemaet, slik at val av heimkommune og liknande variablar stemde overeins med deltakargruppa. Formålet med bakgrunsskjemaet er å kunne hente inn data om språkbakgrunn, språkbruk og bruk av sosiale medium på ein effektiv måte, og av ei større elevgruppe.

Bakgrunsskjemaet består av fleire grunnleggjande variablar slik som kjønn, opprinneleg heimkommune, morsmål (språk), talemål og skriftspråk, for å kartleggje språkbakgrunn. Først blei dei bedt om å oppgi kva dialekt og språk dei brukar til dagleg om det er ein viss dialekt, ulike dialektar eller om det til dømes er eit anna morsmål enn norsk. Elevane fekk også spørsmål om dei tidlegare har budd utanfor det geografiske området dei no bur i, dette var eg derfor nøydd til å endre på under andre runde av datainnsamlinga. Vidare skulle dei oppgi kva dialekt eller talemål dei bruker med venner og krysse av på om dei bruker same talemål som med venner, blanding av fleire dialektar eller anna, når dei er heime og på skulen. Elevane skulle i tillegg vurdere sin eigen kompetanse i nynorsk, bokmål og engelsk, samtidig som dei også skulle gjer ein vurdering på kva dei synest er vanskeligast når det gjeld å skrive korrekt nynorsk. Her var svaralternativa veit ikkje, blande/skilje nynorsk og dialekt, og å blande/skilje nynorsk og bokmål.

Bakgrunsskjemaet vil òg belyse veksling i språkbruken til elevane og korleis språkbruken kjem til uttrykk på ulike digitale, sosiale medium. Elevane blir bedt om å oppgi hovudmålet deira og om dei eventuelt har bytt i løpet av skulegongen. Deretter skal dei oppgi om dei ville brukt nynorsk, bokmål, engelsk, ei blanding eller dialekt nær skiving til ulikt publikum. Dei ulike variablane er; SMS/snap ol. til vener, melding til føresette, søsken og læraren, melding på skulen sin læringsplattform, på ulike sosiale medium som til dømes instagram, i samanheng med speling på nett og når dei skriv hugselapp til seg sjølv. Det siste bakgrunsskjemaet tar for seg er bruken av sosiale medium, her skal elevane oppgi kva for app og digitale plattformer dei nyttar mest.

3.4.2 Handsaming av bakgrunnsskjema

For å forsøksvis kvantifisere den sjølvrapporterte bruken av ulike skriftspråkskodar hos kvar einskild deltakar, har prosjektleiaren i MultiLit, Øystein A. Vangsnes – som også er rettleiaren min – laga ein syntese av svara deira. I den syntesen får kvar avkryssa språkbrukssituasjon verdien 1 og deretter blir talet svar for kvar kode summert opp og sidan delt på totaltalet. På den måten får ein ei prosentvis fordeling på ulike kodar, høvesvis (i) nynorsk, (ii) bokmål, (iii) dialekt, (iv) engelsk, (v) blanding av dialekt og standard, (vi) anna. Om ein deltakar til dømes har kryssa av fire gonger – ein gong for nynorsk, to gonger for bokmål og ein gong for dialekt – er skriftspråksbruken fordelt på 25 prosent nynorsk, 50 prosent bokmål og 25 prosent dialekt.

Denne kvantifiseringa er førebels delt i eit prosjektinternt notat, men eg har fått løyve til å bruke den for deltakarane frå det nordlege utvalet som eg ser på i denne undersøkinga. Vidare har Vangsnes også hjulpet meg med å gjere den same kvantifiseringa for informantane frå det sørlege utvalet som eg samla inn sjølv. Ein kan stille spørsmål ved om denne tilnærminga gir eit adekvat bilete av korleis kvar deltakar *faktisk* fordeler skriftspråksbruken sin på ulike kodar, men det får i alle fall fram skilnader mellom deltakarane som er interessante. Tabell 1 viser såleis ei oversikt over ni utvalde deltakarar, fire frå det nordlege utvalet (tresifra kodar) og fem frå det sørlege (firesifra kodar), der ein ser korleis skriftspråksbruken blir sjåande ut. Det er viktig å påpeike at elevane også kunne velje engelsk som eit alternativ, og at det derfor ikkje totalt blir 100 prosent på alle deltakarane. Eg vil i avsnitt 4.4 sjå nærare på samsvaret mellom rapportert skriftspråkbruk og registrert språkbruk i fritidsmeldingane.

Kode	nynorsk	bokmål	dialekt	blanding av ulike språk/dialektar
124	46%	15 %	0 %	39 %
606	0 %	0 %	100 %	0 %
638	29 %	0 %	14 %	57 %
640	28 %	0 %	43 %	29 %
3020	0 %	18 %	63 %	9 %
3014	0 %	32 %	29 %	23 %
3009	0 %	16 %	83 %	0 %
3003	5 %	15 %	42 %	26 %
3011	0 %	35 %	41 %	29 %

Tabell 1: Oversikt over samanfating frå bakgrunnsskjema. Rapportert språkbruk.

4 Resultat

I det følgjande kapittelet vil funn frå tekstdataa og bakgrunsskjema bli presenterte. Innleiingsvis i avsnitt 4.1 kjem ein overordna presentasjon av dei to utvala. I avsnitt 4.2 presenterer eg funn frå bakgrunsskjema og den rapporterte språkbruken til elevane på dei to undersøkte stadene. I avsnitt 4.4 blir dei faktiske språkvala til elevane presenterte, og vi skal også sjå på samvariasjonen mellom dei mest frekvente ytringane. På denne måten vil eg kunne diskutere *i kor stor grad og på kva måte* bruk av dialekt kjem til uttrykk i privatskrivinga til dei to elevgruppene.

4.1 Overordna presentasjon av utvala

Totalt er det 14 deltakarar i det nordlege utvalet og 19 deltakarar i det sørlege. Kvar av elevane har donert private meldingar frå ulike sosiale medium, der dei aller fleste har delt meldingsutveksling med ein eller fleire, frå Snapchat. Det varierer kor mykje tekstdata kvar enkelt deltakar har delt: Den minste donasjonen er på fem meldingar, medan den lengste meldingsutvekslinga er på 78 meldingar. I det nordlege utvalet ligg gjennomsnittet på 91 ord per deltakar, medan det i det sørlege utvalet ligg på 55 ord per deltakar. I bakgrunsskjema får ein, som nemnt i avsnitt 3.2 om spørjeskjema, innblikk i rapportert språkbruk og språkbakgrunn i dei to elevgruppene. Bakgrunsskjemaet er lokalt tilpassa til dei to stadene.

Det nordlege utvalet av deltakarar er busett i eit kjerneområde for nynorsk og 89,5 prosent av dei oppgir at dei er vakse opp innafør Vestland. I denne elevgruppa har heile 92,8 prosent nynorsk som hovudmål. Bruk av normerte nynorske former viser seg også hyppig i privatskrivinga deira, noko som kan stemme overeins med høg eksponering for nynorsk og det lokale talemålet. Fleirtalet av desse elevane rapporterer også om at nynorsk er det føretrekte språkvalet i fleire skrivesituasjonar, slik som til dømes i ei melding til foreldre/føresette med meir. Dette kjem eg tilbake til i avsnitt 4.2.

Det sørlege utvalet av deltakarar er busett i ei randsone for nynorsk der alle i elevgruppa har bokmål som hovudmål. Haugalandet er ein region som omfattar kommunar både i Rogaland og Vestland fylke (Thorsnæs, 2021) der fleire av kommunane har nynorsk som administrasjonsspråk, medan bykommunen Haugesund har bokmål som administrasjonsspråk. Kommunen elevane er busette i, er språknøytral og har både nynorskskular og bokmålsskular. 78,3 prosent av elevane oppgir at dei har vakse opp på Haugalandet, noko som betyr at det er stort sannsyn for at fleire av dei tidlegare har gått på nynorskskule. 13 prosent av elevgruppa rapporterer om

at dei har bytt hovudmål i løpet av skulegangen, og nokre av dei som har bytt, oppgir i tillegg at dei skifta hovudmål fordi det var så få som valde nynorsk. I motsetnad til elevgruppa frå kjerneområdet, rapporterer dette utvalet generelt sett om betydeleg høgare prosent i bruk av bokmål i alle skrivesituasjonar.

4.2 Rapportert språkbruk

Dei to utvala har altså samla sett ulikt forhold til det nynorske skriftspråket, noko som særleg kjem fram i bakgrunnsskjemaet og den rapporterte språkbruken deira i ulike media, der det nordlege utvalet rapporterer om betydeleg hyppigare bruk av nynorsk. Bakgrunnsskjemaet legg eit grunnlag for at elevane får vist det metaspråklege medvitet sitt, noko som inkluderer deira eiga oppfatning av eigen språkbruk, og korleis språkbruken deira varierer til ulik tid og kontekst. I bakgrunnsskjemaet er det likevel den *rapporterte* språkbruken til elevane som kjem til uttrykk og ikkje den faktisk registrerte språkbruken. Under kjem ei samla prosentvis oversikt over den rapporterte språkbruken i dei to utvala, sidan elevane kunne velje fleire alternativ, vil det i somme situasjonar vere meldt om meir enn 100 prosent totalt. Formelle skrivesituasjonar baserer seg på tal frå *melding/epost til lærar* og uformelle skrivesituasjonar baserer seg på tal frå *melding til venner*.

	DET NORDLEGE UTVALET	DET SØRLEGE UTVALET
HOVUDMÅL		
NYNORSK	92,8 %	0 %
BOKMÅL	7,2 %	100 %
FORMELLE SKRIVESITUASJONAR		
NYNORSK	87,5 %	0 %
BOKMÅL	28,5 %	100 %
DIALEKT	28,5 %	0 %
UFORMELLE SKRIVESITUASJONAR		
NYNORSK	50 %	17 %
BOKMÅL	28,5 %	69,5 %
DIALEKT	64 %	65 %

Tabell 2: Rapportert språkbruk hos dei to utvala

I dei to følgjande avsnitta vil eg gå nærare inn på kva for ulike skrivesituasjonar elevane rapporterer om ulik bruk av språk. Her melder dei eksplisitt om kva for språk dei bruker i ulike kontekstar, som til dømes på plattformer som Instagram og Facebook, eller berre på ein hugselapp til seg sjølv.

4.2.1 Utvalet frå det nynorske kjerneområdet⁵

Det nordlege utvalet høyrer til det nynorske kjerneområdet, og her vil elevane, som tidlegare nemnt, møte nynorsk kvar dag i ulike kvardagslege settingar. Majoriteten av elevgruppa har nynorsk som hovudmål (92,8 prosent) og 91,4 prosent av elevgruppa rapporterer at dei ikkje har bytt hovudmål så langt i utdanninga. Som tabell 2 viser, ser ein at heile 87,5 prosent av elevgruppa ser på nynorsk som det naturlege språkvalet i formelle skrivesituasjonar, som i ein e-post til læraren eller på skulen sin læringsplattform.

I både formelle og uformelle skrivesituasjonar rapporterer elevgruppa om relativt høg bruk av nynorsk. I dei følgjande kunne elevane velje fleire svaralternativ. 50 prosent rapporterer om at dei ville ha brukt nynorsk i ei melding til ein venn, berre éin elev har oppgitt å ville brukt dialekt, medan 57 prosent av elevgruppa ville ha blanda, noko som kan innebere bruk av forskjellige språk eller dialektar. På Facebook ville også så mange som 57 prosent ha brukt nynorsk, medan 28 prosent ville blanda. Der ein finn den høgaste prosentandelen på berre bruk av dialekt, er på ein hugselapp, likevel dreier det seg om berre 28 prosent og det er fleire som også her heller ville vald nynorsk og bokmål (35 prosent). Dette viser generelt sett at ein stor del av elevgruppa ser på nynorsk som naturleg språkval i mange ulike skrivesituasjonar, både formelle og relativt uformelle. Der dei derimot ville ha brukt mest bokmål, er på dei meir internasjonale plattformene som Instagram (42 prosent) og TikTok (35 prosent).

4.2.2 Utvalet frå ei nynorsk randson

Det er forventa at den skriftlege praksisen blant ungdommar frå randsoner vil vise til meir språkveksling mellom normert bokmål og dialekt (jf. Helset og Brunstad, 2020). I det sørlege utvalet, som høyrer til randsona, har alle elevane bokmål som hovudmål. I privatskrivinga viser det seg at dei òg vekslar mellom bruk av normert bokmål og nynorsk, noko som kan komme av samanfall mellom dialekt og normert skriftspråk. Slik eg nemnde over, er bokmål det føretrekte skriftspråket blant denne elevgruppa, der utgangspunktet òg er at dei aller fleste (86,9 prosent) har hatt bokmål som hovudmål heile skulegangen. Det utgjer eit tal på berre tre elevar som tidlegare har hatt nynorsk som hovudmål, men som gjennom skulegangen har bytta.

⁵ Delar av dette avsnittet er henta frå semesteroppgåva mi i sosiolingvistik, NOR-3032, hausten 2022. (Garatun, 2022).

I meir formelle skrivesituasjonar er bokmål klart majoritetsspråket. I ein e-post til læraren melder alle elevane om at dei ville brukt bokmål som språk, og medan ein elev i tillegg ville ha skrive nynorsk, ville 7 av 23 også ha skrive dialektalt. Det skal her igjen påpeikast at elevane kunne velje fleire alternativ. I eit diskusjonsforum, som også vert sett på som ein relativ formell skrivesituasjon, rapporterer 43 prosent av elevgruppa at dei ville valt bokmål, medan her ville heile 60 prosent skrive dialekt. I private samanhengar, slik som på sosiale medium er det også gjennomgåande høg rapportering om bruk av bokmål, men også i slike situasjonar vert det rapportert om høgare bruk av dialekt og/eller blanding av ulike språk/dialektar. I ei melding til venner (SMS, Snapchat, Messenger etc.) rapporterer 69,5 prosent at dei ville ha skrive bokmål, som er akkurat same prosentdel som ville ha skrive ei blanding, medan 65 prosent ville ha skrive dialekt. I liknande melding til føresette ville derimot fleirtalet ha skrive dialekt (65 prosent) framfor bokmål (60 prosent) eller blanding (30 prosent). Der det er rapportert om desidert mest bruk av dialekt, og minst av bokmål, er på ein hugselapp til seg sjølv: 60 prosent ville ha skrive på dialekt, medan berre 30 prosent ville ha skrive på bokmål.

4.3 Dialektale ytringar

Den tidlegare forskinga på bruk av dialekt (sjå avsnitt 2.2) viser at ein kan forvente dialektale innslag i privatskrivinga til unge. Ungdommar på Vestlandet utgjer særleg ei av gruppene som skriv mest dialektprega i privatskrivinga og som vekslar mest i språkbruken (sjå m.a. Vangsnes 2019, Røyneland og Vangsnes, 2020, Helset og Brunstad, 2020), det vere seg både mellom dialektal skriving og standard nynorsk og bokmål. Fritidstekstane i mitt materiale viser at majoriteten av elevane skriv dialektprega og talemålnært i private samanhengar, men kor ortofont den enkelte skriv, varierer frå elev til elev. Ein finn også eksempel på elevar i begge utval som skriv meir standardspråkleg i privatskrivinga, anten nynorsk eller bokmål.

Det finst døme på fleire dialektale ytringar i begge utvala, som til dømes bruk av spørjeordet *ka*, presens av verb som *å skulle* og *å vere*, der ein stor del av deltakarane skriv *ska* og *e*. Det same gjeld preteritumsforma av *å vere* der ein del skriv *va* framfor *var*. Tabell 3 uttrykker ulike variablar av førekomne ytringar og ulike variantar deretter, samt kor mange førekomstar av dei ulike variantane ein finn hos begge utval.

Variablar	Variantar	Det nordlege utvalet	Det sørlege utvalet
‘kva’	<i>kva</i>	0	0
	<i>hva</i>	10	3
	<i>ka</i>	21	12
Bortfall av -r	<i>pres. svake verb -er/-ar</i>	10	2
	<i>-e/-a</i>	15	27
	<i>ubestemt form ft.-/er/-ar</i>	2	2
	<i>-e/-a</i>	2	0
‘er’	<i>er</i>	12	2
	<i>e</i>	24	15
‘var’	<i>var</i>	4	2
	<i>va</i>	7	3
‘skal’	<i>skal</i>	19	4
	<i>ska</i>	5	23
‘ikkje’	<i>ikkje</i>	22	4
	<i>ikje</i>	2	4
	<i>ikke</i>	3	10
	<i>kje</i>	0	16
	<i>ikk</i>	7	0
‘eg’	<i>eg</i>	76	33
	<i>jeg</i>	5	10
‘det’	<i>det</i>	13	9
	<i>d</i>	5	9
	<i>dt</i>	2	3
	<i>da</i>	27	0
‘dykk’	<i>dykk</i>	0	0
	<i>dokke</i>	0	2
	<i>dåkke</i>	0	2
	<i>dekan</i>	3	0
	<i>dere</i>	2	1
‘ho’	<i>ho</i>	19	0
	<i>hu</i>	0	2
	<i>hun</i>	0	0
‘med’	<i>med</i>	20	18
	<i>me</i>	10	6
stum-t	<i>klasserommet</i>	18	14
	<i>klasseromme</i>	1	0
Infinitiv	<i>a-infinitiv</i>	34	18
	<i>e-infinitiv</i>	13	5
Innskotsvokal -e	<i>Presens sterke v.</i>	7	9

Tabell 3: Frekvente dialektale variablar av utvalde standardformer

Tabellen viser ei overordna oversikt over dei mest frekvente dialektale ordførekomstane samanlikna med standardformene med talfesting. Under variantar har eg standardleksemet både på nynorsk og bokmål, og ulike variantar som finst i datamaterialet. Eg har valt å skilje mellom alle dei førekomne variantane, trass i at i fleire variantar er det berre eit grafem som skil dei. Det gjer eg fordi det kan seie noko om dei overordna normene og normforhandlingane for

dialektskrivinga. Som tabellen viser, er det flest førekomstar av ytringane *ka*, *e* og *ska*, men det som likevel framstår som overraskande, er den hyppige førekomsten av *skal* i det nordlege utvalet, noko som ikkje er forventa utifrå det lokale talemålet. Andre mykje brukte variantar er determinativ/pronomen *da* for ‘det’ i det nordlege utvalet, samt forma *kje* av nektingsadverbet i det sørlege utvalet.

Eit dialekttrekk som er felles for det lokale talemålet til begge utval, er *a*-infinitiv. Som ein ser i tabell 3, er det 34 førekomstar av *a*-infinitiv hos elevane i det nordlege utvalet, og 18 førekomstar i det sørlege. Det er under halvparten så mange førekomstar av *e*-infinitiv i begge utval.

I datamaterialet førekjem det også eit utval dialektale, morfologiske trekk, då særleg bortfall av endings-*r* i presens av svake verb i begge utval, t.d: *me kjøre*, *eg vente*. Ein finn også bortfall av endings-*r* i fleirtalsbøying av bestemt form fleirtal (*tenne* i staden for *tenner*), men sistnemnde førekjem berre hos det nordlege utvalet, der dette er ein del av talemålspraksisen. I presens av sterke verb finn ein innskotsvokal *e* hos begge utvala, til dømes *eg sitte*, *me trenge*.

Bøying av hokjønnsst substantiv i bestemt form er også ein utprega dialektmarkør. Her går eit viktig skilje mellom dei to geografiske område, der området frå indre-nordre del av Hordaland har delt femininum som kjenneteiknast ved å ha *-o* og *-e* ending, medan området frå Haugalandet heller kjenneteiknast ved å ha *-o* eller *-å*-ending i bestemt form (Mæhlum og Røynealand, 2012, s. 95). Det førekjem nokre døme på dette dialektmerket i begge utval, dette blir diskutert nærare i kapittel 5.

4.4 Normert språk i privatskrivinga

Forskingsspørsmåla som studien baserer seg på, ser i tillegg til innslag av dialektformer, også på bruk av normert språk i ungdommane si privatskriving. Dialektskriving er ikkje ein transkripsjon av talemålet og det er derfor truleg at det vil førekomme mange ord og uttrykk i privatskrivinga til elevane som følgjer offisiell rettskriving. Sidan begge utvala har eit talemål som høyrer til sørvestlandsk, er det forventa at mange dialektale trekk vil samanfalle med normert nynorsk.

Ord som er unike for nynorsk og som førekjem i det lokale talemålet kan også sjåast på som eit aspekt innafor dialektskriving. Det kan også førekomme emblematiske trekk i form av at ei heil setning kan oppfatast som normert nynorsk og/eller bokmål med innslag av dialektale ytringar eller bøyingar. Mange av dei normerte orda som dukkar opp i privatskrivinga til elevane, dreier

seg om pronomen, særleg 1. person eintal og 3. person fleirtal subjektsform, samt nektingsadverb, subjunksjonar og konjunksjonar. Trass i at flesteparten av deltakarane skriv med tydelege dialektinnslag, finn ein òg døme på meldingar som hovudsakleg viser normalortografi, anten nynorsk eller bokmål.

4.4.1 Bruk av pronomen og nektingsadverb

I det lokale talemålet knytt til begge utvala ligg fleire av dei dialektale uttrykka for blant anna pronomen og nektingsadverb tett opptil normert nynorsk. I tabell 3 ser vi kor mange førekomstar av pronomena *eg* og *jeg* det finst, der det er 103 (76+33) førekomstar av pronomenet *eg* og 15 (5+10) førekomstar av variabelen *jeg*. I tabellen ser ein også hyppig bruk av nektingsadverba *ikkje* og *ikke*, totalt er det 26 førekomstar av *ikkje* som fell saman med normert nynorsk. I tillegg førekjem det fleire dialektale/CMC prega variantar som til dømes *ikje* og *kje*. Det er vanskeleg å seie om særleg varianten *ikje* er brukt bevisst eller om det opptrer som skrivefeil, men det er likevel verdt å nemne at han førekjem totalt seks gonger og blir brukt av begge utval. I det nordlege utvalet førekjem bruken av *eg* hos sju av 15 elevar, medan berre éin har skrive *jeg*. Samanlikna med det sørlege utvalet der 14 av 19 elevar bruker pronomenet *eg* i privat-skrivinga si, har fire elevar skrive *jeg*. Tre av dei fire elevane som har skrive *jeg*, har i same meldingsutveksling også skrive *eg*.

3010-3: 3007: Men **jei** advarer deg om at mamma har cporona men **jeg** har fått negativ de siste 3 gangene

3010-6: 3007: Så **eg** har dt nok ikkje altså

Utdraget over viser kandidat 3007 som i same meldingsutveksling med 3010 vekslar mellom å skrive *jeg* og *eg*, denne språkvekslinga vil eg kome attende til i avsnitt 5.3.

I begge dialektområda for utvala er pronomenet *me* brukt i 1. person fleirtal subjektsform, noko som også er eit kjenneteikn for det sørvestlandske området.

140-3: 140: Kan ikkje **me** gjøra noko imrg kveld

3005-1: 3011: Kossen ska **me** egt komme oss t [stadnamn] idag?

I det nordlege utvalet er det 14 førekomstar av pronomenet *me* og berre fire førekomstar av *vi*. Noko liknande ser ein hos det andre utvalet der *me* førekjem 12 gonger, medan *vi* førekjem tre gonger. Bruken av *me* og *vi* opptrer likevel vekslande hos begge elevgruppene og kan førekomme hos ein og same deltakar i same meldingsutveksling.

4.5 Samvariasjon mellom ulike dialektale ytringar

I dette avsnittet vil eg sjå på samanhengen mellom dei som har fleire førekomstar av dialektale ytringar framfor standardspråkelge former, og om det finst samvariasjon mellom dei ulike dialektale ytringane. Eg vil presentere eit utval av dei frekvente ytringane (frå tabell 3) for å sjå om dei som til dømes bruker, *ka* også aktivt bruker formene *e*, *va* og *ska*.

Tabell 4 er ei kvantitativ oversikt over kor mange deltakarar som bruker dei ulike dialektale formene og kor mange av dei som samvarierer. Det vil seie at alle førekomstane av *ka* kjem frå 14 deltakarar totalt, av desse 14 som bruker *ka*, bruker åtte av dei konsekvent *ska* og tre av dei same bruker også *e* og *va*. Vidare ser ein eksempelvis at alle førekomstane av *e* kjem frå totalt 19 deltakarar. Av dei 19 som bruker *e*, bruker 7 av dei konsekvent også *ska* og det same for *ka*, medan 3 av dei også bruker *va*.

<i>Variabel</i>	<i>Samvariasjon</i>			
	<i>ka</i>	<i>ska</i>	<i>e</i>	<i>va</i>
	14	8	19	5
<i>ska</i>	8		7	2
<i>e</i>	3	6		3
<i>ka</i>		7	7	3
<i>va</i>	3	2	3	

Tabell 4: Døme på samvariasjon

Tabellen speglar at det er ein viss samvariasjon mellom dei deltakarane som bruker desse dialektale ytringane. Der det ikkje er samvariasjon mellom variablane, er det anten fordi dei valde variablane ikkje førekjem i meldingsutvekslingane, eller så er det avvik. Hos to av deltakarane som aktivt bruker *ka*, førekjem både *ska* og *skal*. Av dei 14 som bruker *ka*, er det for eksempel fem totalt som har samvariasjon mellom *ka* og *e*, uavhengig av om dei også bruker *ska*. Ein svakheit med tabellen slik den er no, er at den ikkje tar høgde for desse avvika. Tabellen gir altså i all hovudsak ikkje eit representativt bilete på samvariasjonane, men det kan gi ein indikasjon på kva for dialektord som i dette tilfelle ofte opptrer saman. I det neste kapittelet vil eg derimot gå kvalitativt i møte med dei dialektale ytringane.

4.6 Språkprofilar

I eit djupdukk på ni deltakarar totalt, fire frå det nordlege utvalet og fem frå det sørlege, har eg tatt for meg nokre av dei elevane som sjølv rapporterer mest om bruk av dialekt eller at dei blandar ulike språk/dialektar. Nokon av deltakarane har eg også plukka ut fordi dei til dømes skil seg ut med å ha rapportert om 0 % bruk av dialekt. Her er eg interessert i å sjå nærare på korleis dei sjølv oppfattar eigen språkbruk og korleis deira faktiske språkbruk kjem til uttrykk i fritidstekstane. Dette har eg gjort ved å bruke språkprofilane som baserer seg på samanfatninga av bakgrunsskjema (sjå avsnitt 3.4.2). Frå det nordlege utvalet har eg plukka ut fire deltakarar der det er stor variasjon på kor mykje eller lite dei enkelte rapporterer om, knytt til bruk av dialekt. Dei fire deltakarane er 124, 606, 628, 638 og 640 og som tabell 5 viser, varierer rapportert bruk av dialekt alt frå 0 prosent til 100 prosent. Frå det sørlege utvalet har eg plukka ut 3020, 3014, 3009, 3003 og 3011, nokre av desse har heller ikkje nødvendigvis rapportert om så mykje dialektbruk, men nokon av dei er dei som har delt flest meldingar. Tabell 5 viser den same tabellen som tabell 1 (avsnitt 3.4.2), men denne har fem språkvariablar. I tillegg til nynorsk, bokmål, dialekt og blanding av ulike språk og dialektar, er den femte kategorien dialekt + blanding. Den sistnemte er rapportert bruk av dialekt addert med rapportert bruk av blanding. Desse to kategoriane har til felles å skilje seg frå normert skriftspråk, i tillegg kan det vere elevane oppfattar at måten dei skriv på ikkje er *anten* normert eller dialektalt, men heller ein blanding. Eg har derfor slått saman dei to kategoriane som ein samla kategori for dialektskriving.

Kode	nynorsk	bokmål	dialekt	blanding	dialekt+blanding
124	46%	15 %	0 %	39 %	39 %
606	0 %	0 %	100 %	0 %	100 %
638	29 %	0 %	14 %	57 %	71 %
640	28 %	0 %	43 %	29 %	72 %
3020	0 %	18 %	63 %	9 %	72 %
3014	0 %	32 %	29 %	23 %	58 %
3009	0 %	16 %	83 %	0 %	83 %
3003	5 %	15 %	42 %	26 %	78 %
3011	0 %	35 %	41 %	29 %	64 %

Tabell 5: Oversikt over samanfatning frå bakgrunsskjema inkl. dialekt+blanding. Rapportert språkbruk.

I dei følgjande avsnitta vil eg presentere dei ulike utvalde språkprofilane, her vil eg samanlikne kva dei sjølve har rapportert (tabell 5), samt sjå på i kor stor grad privatskrivinga deira er dialektprega. I privatmeldingane tel eg kor mange av dei skrivne orda som er unike dialektale ord, som til dømes særleg skil seg ortofont frå normert skriftspråk. Objektivt sett kan ein påstå

at begge dei lokale talemåla til deltakarane har mange likskapar med normert skriftspråk (sjå avsnitt 4.4), derfor plukkar eg også ut dialektord som unikt har samanfall med normert nynorsk. Summen av antal dialektale ord og unike samanfall med nynorsk kan derfor sjåast på som dialektskriving og gir ei oversikt over i kor stor grad dialektskriving opptrer hos deltakarane.

4.6.1 Språkprofilar i det nordlege utvalet

Deltakaren med kodenummer 124 har rapportert om 0 prosent bruk av dialekt, 46 prosent bruk av nynorsk og 39 prosent blanding av ulike språk/dialektar. Denne deltakaren er derfor ikkje ein av dei som sjølv meiner dei bruker mykje dialekt i skrift. Av totalt 96 ord som deltakaren har delt, finst det 19 døme på unike dialektord og samtidig 19 døme på dialektord som fell saman med normert nynorsk, noko som tilsvarer 39,5 prosent bruk av dialekt. Dette er derfor eit døme på nokså stort avvik mellom rapportert og registrert språkbruk. I tillegg er dette den deltakaren i det nordlege utvalet som gir eit best døme på delt femininum: *boke*, *plato* og *damo*. Deltakaren bruker også aktivt pronomen *da* og determinativ *dan*.

Deltakar 606 er den av deltakarane i dette utvalet som rapporterer om 100 % bruk av dialekt, noko som står i særleg kontrast til den førre deltakaren. Av 105 delte ord finn ein døme på 35 unike dialektord i tillegg til 15 dialektord som fell saman med normert nynorsk. Dette gir totalt 47,6 prosent bruk av dialekt, altså rett under halvparten av den prosentandelen deltakaren sjølv rapporterer om. Deltakar 606 skriv *gensaren* i bestemt form, mot normert nynorsk *genseren*, og *a*-en såleis speglar talemålet. Det er likevel interessant å sjå at deltakaren her både skriv *da* og *gensaren*, men ikkje skriv *dan*. Det er truleg at pronomenet i eksempelet er prega av dialekt, medan det er mogleg at deltakaren tenkjer at *gensar* er normert nynorsk.

606-6: 606: Va **da** den **gensaren**?

Deltakar 638 rapporterer om til saman 71 prosent bruk av dialekt eller ei blanding, samt relativt høg bruk av nynorsk (29 prosent). I meldingane finn ein her døme på to unike dialektord, samt seks ord som fell saman med normert nynorsk, av totalt 43 ord. Dette gir ein samla bruk på 18,6 prosent dialekt. Deltakaren bruker konsekvent *eg* og bøyer *dør* etter talemålet: *døre*. Hos denne eleven ser ein i tillegg også fire døme på unike bokmålsord, der to av dei er spørjeorda *hvordan* og *hvor*, trass i at han sjølv melder om 0 prosent bruk av bokmål. Deltakaren er derfor eit eksempel på ein av dei ungdommane som har relativt hyppig språkveksling.

Siste deltakaren i dette utvalet, 640, rapporterer om 28 prosent bruk av nynorsk og 72 prosent bruk av dialekt+blanding. Dette er også ein av dei deltakarane som har donert flest meldingar,

der ein av 186 delte ord finn døme på heile 36 unike dialektord samt 28 ord som fell saman med nynorsk. Dette gir eit samla tal på 34,4 prosent bruk av dialekt i privatskrivinga, noko som også er relativt høgt. Ein kan påstå at tekstytringane til denne deltakaren er svært dialektal og speglar det lokale talemålet, der ein ser blant anna døme på delt femininum: *senge*, samt hyppig bruk av dei frekvente dialektale orda: *da*, *ka*, *e* og *va*. I tillegg til bruk av pronomen *eg* bruker denne deltakaren *dekans*. Ein finn også døme på bortfall av endings-*r* i ubestemt fleirtal av substantiv (hankjønn og hokjønn).

640-9: 640: Eg har bytta **te dekans** konfirmasjonsgreie!!!!

4.6.2 Språkprofilar frå det sørlege utvalet

Som tabell 4 viser, er det berre ein deltakar i dette utvalet som melder om nynorskbruk i dei aktuelle språkbrukssituasjonane, medan det varierer alt frå 5 prosent til 35 prosent bruk av bokmål. Derimot har dette utvalet rapportert om nokså hyppig bruk av dialekt og blanding av ulike språk/dialektar.

Deltakar 3020 har rapportert om 63 prosent bruk av dialekt og ligg på totalt 72 prosent bruk av dialekt og blanding. Av totalt 118 delte ord, finn ein døme på 26 unike dialektord og 9 unike ord som har samanfall med nynorsk. Dette gir totalt 29,6 prosent bruk av dialekt i privatskrivinga. Dette er ein av dei deltakarane som har delt flest meldingar og gir mange eksempel på ortofone dialektale ord som speglar talemålet. Ein ser blant anna eksempel på *-o* ending i hokjønn bestemt form: *lekso*. Ein finn hyppige førekomstar av dei dialektale uttrykka: *ka*, *e*, *ska* og *kje*, og det førekjem også andre ortofone døme som bruken av *itte* og *ittepå*.

3020-15: 3020: Kan me sei t [namn] at eg dg og [namn] gjorde **lekso** ilag?

3020-44: 3020: Fordi de **e kje hima**

Deltakar 3014 melder om berre 29 prosent bruk av dialekt, men summert ligg språkbruken på 58 prosent blanding. Av totalt 52 delte ord kan ein finne døme på 12 unike dialektord og fem ord som har samanfall med nynorsk. Dette tilsvarer 32,6 prosent bruk av dialekt. Hos denne deltakaren finn ein døme på veksling mellom bruk av *ikke* og *ikje* og *med* både med og utan stum *d*. Deltakaren gir døme på innskotsvokal *-e* i *sitte* og *synge* og ein finn døme på dialektale ord som *ska* og pronomen *dokke* og *hu*.. Denne deltakaren har også to ord som samanfell med bokmål, desse er *ikke* og *syk*.

3014-10: 3014: Så **sitte** me på **me hu** ut

Deltakar 3009 rapporterer om så mykje som 83 prosent bruk av dialekt, og 0 prosent blanding. Deltakaren har delt 52 ord, der det førekjem 11 unike dialektord og fire som har samanfall med nynorsk. Det gir eit tal på 28,8 prosent bruk av dialekt. Dette er ein del lågare enn det sjølvrapporterte talet, men det er også avgrensa på grunn av antal delte ord. I meldingane finn ein døme på bortfall av endings *-r* i presens: *huske*. Også finn ein døme på dialektale ord som *ka* og *kje*, samt verbet *heiter* er bøygd *hette* i presens og *hetta* i preteritum, noko som samsvarer med talemålet. Samla sett er skrivinga eit døme på ganske ortofon attgiving av talemålet.

3009-8: 3009: **huske kje ka den hetta**

Deltakar 3003 er einaste i utvalet som melder om bruk av nynorsk (5 prosent) og rapporterer om 42 prosent bruk av dialekt, summert med blanding melder deltakaren om totalt 78 prosent dialekt og blanding. Av totalt 63 delte ord, finn ein 10 unike dialektord og 10 normert nynorskord, noko som tilsvarer 31, 7 prosent registrert bruk av dialekt. I meldingane finn ein her døme på dialektale uttrykk: *ska* og *e*, samtidig finn ein ortofone eksempel som: *ette* og *trokke*. Deltakaren gir også døme på pronomena: *dokke* og *na* som samsvarer med talemålet. *Na* er 3. person objektsform for *ho/henne*. Det er også døme på bortfall av endings *-r*: *kjøre*.

3014-6: 3003: Forsi me **ska** t mormor å hjelpa **na** med sånn flyttegreier

Deltakar 3011 rapporterer om 41 prosent dialekt og dermed 64 prosent dialekt+blanding. Av totalt 58 delte ord er det 13 unike dialektord og fem unike nynorskord, dette utgjør eit tal på totalt 31 prosent registrert dialektbruk. Deltakaren gir døme på bruk av dialektorda: *ka*, *kossen*, *ska*, *sko* ('skulle') og *e*. Ein finn både døme på bruk av innskotsvokal i sterke verb: *sitte* og bortfall av endings *-r* i svake verb: *vente*. Denne deltakaren har i tillegg samanfall med bokmål, der han skriv *jeg*.

3011-1: 3011: Hallo me **sitt** ei bilen å **vente** på deg

4.6.3 Samsvar mellom rapportert og registrert dialektbruk

Som vi har sett i dei førre avsnitta, varierer det ein heil del kor mykje dialektbruk eller blanding av ulike språk/dialektar, dei ulike elevane melder om. På same måte varierer også den registrerte bruken av dialekt. I tabell 6 ser vi ei oversikt over det elevane sjølv rapporterer om i samsvar med den registrerte førekomsten av unike dialektord og/eller dialektord som fell saman med normert nynorsk. For å ta omsyn til at deltakarane kan ha tolka kategorien *blanding av ulike språk/dialektar* som ein form for dialekt, er det denne kvantifiseringa som er utgangspunkt for variabelen *rapportert bruk av dialekt* i tabell 6. Registrert bruk av dialekt er den prosentandelen som eg har funne i fritidstekstane deira, då inkludert unike dialektord og samanfall med normert nynorsk.

KODE	RAPPORTERT BRUK AV DIALEKT	REGISTRERT BRUK AV DIALEKT
124	38 %	39,5 %
606	100 %	47,6 %
638	71 %	18,6 %
640	70 %	34,4 %
3020	72 %	29,6 %
3014	58 %	32,6 %
3009	83 %	28,8 %
3003	78 %	31,7%
3011	64 %	31 %

Tabell 6: Samsvar mellom rapportert og registert bruk av dialekt, nordleg og sørleg utval.

5 Diskusjon

I dette kapittelet vil eg drøfte nokre av dei viktigaste funna i datamaterialet og sjå nærare på kva dei har å seie for studien. Vangsnes (2019, s. 102) drøftar i artikkelen sin: «Så langt er det få eller ingen grundige kvalitative undersøkingar av korleis dialektskriving faktisk ser ut, og korleis det varierer». For å kome med eit bidrag til ei grundigare undersøking av korleis dialektskriving kjem til uttrykk, vil eg ta for meg funna i analysen og drøfte dei i lys av den teoretiske bakgrunnen for oppgåva. Dette er også med på å kunne svare på dei overordna forskingsspørsmåla for masteroppgåva, repetert her:

1. *På kva måte ser ein innslag av dialekt i privatskriving på digitale, sosiale medium, hos to grupper ungdommar på Vestlandet, med ulik tilknytning til nynorsk skriftspråk?*
2. *Finst det eit overordna lokalt mønster, på dei to stadene?*
3. *Korleis er innslag av normert nynorsk og bokmål i den private «dialektskrivinga»*

5.1 Deltakarane si tilknytning til nynorsk skriftspråk

Det førre kapittelet presenterte blant anna elevane i dei to utvala sin eigenrapporterte språkbruk. Det varierer i kor stor grad dei ulike elevane har rapportert om bruk av nynorsk, bokmål, dialekt eller blanding av fleire språk/dialektar i ulike skriftlege kontekstar. ~~Blant anna~~ Deltakarane i det nordlege utvalet rapporterer om betydeleg meir bruk av nynorsk samanlikna med det sørlege utvalet, og det heng mest truleg saman med den geografiske plasseringa til utvalet og deltakarane si tilknytning til det nynorske skriftspråket gjennom skulen. Som nemnt i avsnitt 3.1.2 og 4.1 ligg det nordlege utvalet i eit kjerneområde for nynorsk og det sørlege i ei randsone for nynorsk.

Dei to utvala har derfor ulik tilknytning til det nynorske skriftspråket, og det på fleire måtar. Særleg gjeld det utifrå kor ofte og i kor mange ulike kontekstar elevane møter på nynorsk skriftspråk. Begge utval vil naturlegvis møte på nynorsk då det er ein viktig del av norskfaget og opplæringa, men det nordlege utvalet vil likevel møte på nynorsk som bruksspråk på alle område i kvardagen og såleis ha ei naturleg sterkare tilknytning til språket. Det sørlege utvalet er likevel frå eit område som er prega av både bokmål- og nynorskbruk fordi fleire av kommunane der er nynorskkommunar, og det gjer at nynorsk likevel ikkje er så fjernt for dei.

Ei forklaring på kvifor det jamt over i det sørlege utvalet er rapportert om så lite nynorskbruk, kan vere statusen nynorsken har på den lingvistiske marknadsplassen (Bourdieu, 1991) i dette området. Dersom det er ein tydeleg kultur for at det er bokmål som er det viktigaste språket i området, kan dette vere med på å påverke korleis elevane identifiserer seg med det. I eit kjerneområde for nynorsk kan ein derimot ha ei forventning om at nynorsk skriftspråk her vil ha ein høgare marknadsverdi, noko vi òg kan tolke utifrå den høge rapporteringa av nynorskbruk, der dei melder om 87,5 prosent nynorskbruk i formelle samanhengar og 50 prosent i uformelle.

I kjerneområdet for nynorsk vil kommunen blant anna bruke nynorsk som administrasjonsspråk, noko som inkluderer alle offentlege kanalar og i skulen. Skulen opptrer her som ein viktig institusjon for utvikling og bevaring av språket, og er det Sønnesyn (2020, s. 204) ser på som ein språkleg stilasbyggjar. På skulen vil læraren og læremidla formidle nynorsk, og det vil derfor kunne danne grunnlaget for styrking av språket, auka bruk og kompetanse. Ein kan derfor anta at elevane også av den grunn automatisk vil oppfatte nynorsk som det naturlege språkvalet i formelle situasjonar, slik som til dømes i skulesamanheng eller i andre «ikkje-private» skrivesituasjonar. Fordi spørjeundersøkinga skjedde i skulesamanheng, kan dette òg vere ein medverkande faktor til kvifor det generelt sett er eit så høgt antal elevar i det nordlege utvalet som har kryssa av nynorsk som føretrekt språkval i ulike skrivesituasjonar, også på sosiale medium.

Som eg tidlegare har nemnt, kan ein objektivt påstå at begge talemåla har fleire likskapstrekk med nynorsk skriftspråk. Tabell 3, samt funna i avsnitta om normert språk 4.4 og språkprofilane 4.6 er også med på å styrkje denne påstanden, i og med at ein ser at mange av dei mest frekvente dialektorda eller ytringane fell saman med normert nynorsk: pronomen, nektingsadverb, tidsadverb etc. Dette er også eit interessant funn særleg fordi sjølv om alle i det sørlege utvalet meiner dei ikkje bruker nynorsk i privatskrivinga si, ser ein likevel døme på at dei til og med i sosiale medium bruker mange normerte nynorskord.

Noko ein også kan legge merke til i tabell 3, er at det nordlege utvalet har vesentleg hyppigare førekomstar av *skal* framfor *ska*, der *skal* vert skriven 19 gonger. Dette samsvarer i utgangspunktet ikkje med den lokale dialekten, men det kan vere fleire årsaker til kvifor så mange elevar skriv normert framfor den dialektale versjonen. Det kan ha samanheng med høg eksponering for nynorsk, og det kan skuldast eiga oppfatning om at dialekten ligg tett til det nynorske skriftspråket. Sjølv rapporterer dei om at noko av det mest utfordrande med å skrive nynorsk er å skilje det frå dialekten.

5.2 Multilektal skriving

Hovudfokuset i masteroppgåva ligg på å undersøkje *på kva for måte* dialektskriving kjem til uttrykk hos dei to elevgruppene. I resultatkapittelet presenterte eg eit utval språkprofilar, både frå det nordlege utvalet og det sørlege. Tabell 6 kan derfor gi oss ei samla oversikt over korleis samsvaret mellom elevane sin rapporterte og registrerte bruk av dialekt er, samtidig som døme frå fritidstekstane deira kan vise oss eit mønster på korleis dialektbruk kvalitativt sett kan variere (jf. Vangsnes, 2019).

5.2.1 Rapportert og registrert språkbruk

Dei kvalitative resultatane i avsnitt 4.4 om språkprofilar og oppsummeringa i tabell 6 – om samsvar – gir eit illustrerande bilete på at det er ei skeivheit mellom den sjølvrapporterte språkbruken til elevane og deira faktisk registrerte språkbruk. Ein er nøydd til å ta høgde for at skrivinga i fritidstekstane kan vere performativ, der særleg språkveksling og andre kontekstuelle faktorar, kan påverke språkvala deira. Eg kjem tilbake til språkveksling i avsnitt 5.2.3. Likevel kan denne skeivheita vise oss at ein ikkje kan stole på sjølvrapportert språkbruk som dokumentasjon på førekomsten av dialektskriving.

Det er fleire faktorar som kan påverke kvifor spranget mellom rapportert og registrert bruk av dialekt, er så stort. Eg nemnde nokre av dei i førre avsnitt, der særleg subjektiv oppfatning av at talemålet ligg tett til skriftspråket og/eller utfordringar med å skilje dialekt frå normert nynorsk er moglege forklaringar. Ei annan forklaring kan også vere at ikkje alle er innforståtte med kva tydinga av *å skrive dialekt* eigentleg går ut på, og dermed anten over- eller underrapporterer (Norrby og Håkonsen, 2015). Til liks med anna forskning på faktiske tekstdata (sjå avsnitt 2.2), vil eg påstå at granskingar av faktiske tekststytingar gir eit heilt anna bilete på kor utbreidd dialektskriving er og korleis det faktisk ser ut, framfor sjølvrapportering.

5.2.2 Korleis ser dialektskrivinga ut?

Tabell 3 viser dei mest frekvente dialektale førekomstane i dei to utvala. I tabellen ser ein at det er 27 førekomstar av det dialektale uttrykket *da* i materialet, der alle førekomstane kjem frå seks deltakarar. Av totalt 14 deltakarar i dette utvalet er det fem som skriv *det/dt*, medan ordet ikkje førekjem i fritidstekstane til resten av elevgruppa. Dei som skriv *da* er også konsekvente, bruken av *det/dt* førekjem derfor ikkje hos desse deltakarane.

Andre frekvente førekomstar ein ser i tabell 3, er bruken av *eg, ka, ska, skal, e, va, ikkje* og *kje*. Dette kan gi oss eit bilete på kva for dialektale ord og uttrykk som er mest vanleg å bruke blant dei to elevgruppene. Òg er det interessant at mange av dei same orda og uttrykka førekjem hos begge utval, noko som både kan forklarast med at mange dialekttrekk er felles for dei to dialektområda, men det kan også gi ein indikasjon på normforventningar knytt til dialekt-skriving. Når det gjeld dei meir morfologiske ytringane, slik som at dei i det nordlege utvalet skriv *boke* og *damo*, medan ein i det sørlege utvalet til dømes finn *knea* bøygd *knernå*, kan dette styrkje det Vangsnes (2019, s.106) meiner om at der talemålet skil seg mest frå standardspråket bokmål, er også der ein finn mest dialektbruk. Det byggjer også vidare på det Folkvord (2020, s. 103) påpeiker om at språkbrukarar gjerne bruker dialekt der standardforma ikkje representerer det lokale talemålets uttale.

I språkprofilane får ein innblikk i kor stor grad skrivinga er dialektprega. Der eg har sett på summen av unike dialektord og dialektord som har samanfall med nynorsk. Her får ein også sjå korleis graden av dialekt-skriving kan variere, litt på same måte som Vangsnes (2019) gir innblikk i med dei tre ulike tekstprøvane i hans undersøking.

I privatskrivinga til elevgruppa frå Haugalandet ser ein også gjennomgåande innslag av dialektale trekk, særleg i form av fråværing av *-r* i presens svake verb og innskotsvokal *-e* i presens av sterke verb, pronomener, val av spørjeord, nektingsadverb, samt *a*-ending i infinitiv og hokjønns-substantiv ubestemt form (Mæhlum og Røyneland, 2012, s. 95). Trass i at dei sjølv rapporterer om særleg høg bruk av bokmål, har dei fleste av desse dialektorda samanfall med normert nynorsk. Ein finn likevel også hyppigare bruk av bokmålsord i denne elevgruppa samanlikna med den nordlege elevgruppa. Eit døme som synest att i det sørlege utvalet er blant anna at halvparten skriv *ikke* og halvparten *ikkje*. Dette svarer til dels med den lokale dialekten, men er eit interessant moment nettopp fordi det både kan vere eit uttrykk for bokmålspåverknad, men også eit uttrykk for dialektpåverknad og -utvikling. Fordi elevane er busette i ei randsone for nynorsk, kan det tenkjast at også den lokale dialekten er under press frå bokmål og Haugesund bymål.

I det nordlege utvalet finn ein elles bruk av determinativ/pronomen *da* og *dan* for *det* og *den*, noko som òg er typiske dialektmarkørar for vossa- og hardangermålet og utgjør ortofone talemålsnære trekk i skrift.

124-9: 124: Eg har jo ikkje **me dan** engelskbøke og eg må ta eit bilete av **da** greiene

Andre munnlege former enn dialektord kjem også til uttrykk skriftleg, eksempelvis ved at deltakarane unnlèt stumme konsonantar og har forlenging av vokalar (jf. Røyneland og Vangsnes, 2020, s. 360). Som vi såg på i tabell 3 (avsnitt 4.3), viste det seg at unnlating av stum *d* førekjem nokså hyppig blant begge elevgruppene. Deltakarane unnlèt stum *d* i *med* ved å skrive *me* i staden for, og dette er også eit av dei hyppigaste orda i privatskrivinga til begge utval. Dette er likevel ikkje noko som opptrer konsekvent hos deltakarane, det vil seie at mange av dei same deltakarane vekslar mellom *med* og *me*. Som utdraget over viser, ser ein at 124 i dette tilfelle skriv *me*. I same meldingsutveksling bruker deltakaren *med*:

124-14: 124: Jaja kan no ta **med** plato då

Anna døme på bortfall av stumme konsonantar, finn ein hos fleire deltakarar, der stum *t* forsvinn på slutten av bestemt form inkjekjønnt eintal.

606-3: 606: Æææ **nette** e bås

I utdraget over ser ein *nettet* skrive utan bestemt *t* på slutten. Det synest også att i andre ord som *klasseromme*, *bilde* og *hove* (for ‘hovudet’).

Deltakarane i utdraget viser også talespråklege trekk ved å skrive vokalar fleire gonger, noko som kan reknast for å markere munnlegheit. Eksempel på dette ser ein blant anna der deltakar 124 bruker forlenging av *e* på slutten av *bokeeeee*, deltakar 122 skriv *haloooooooo* og deltakar 612 skriv *sureeeee*. Elevane uttrykker også tanke og latter ved å føye til uttrykk som *mmm*, *ååå*, *æææ* og *hahahaha*, noko som også set eit personleg og munnleg preg på skriftinga.

I fritidstekstane førekjem det vidare ein del samantrekkingar og forkortingar, som kjem i tillegg til døme på kodeveksling. Eg har ikkje hatt fokus på kodeveksling i denne oppgåva, men det er eit interessant moment i privatskrivinga deira fordi det oppstår ofte og som ein naturleg del av snakkeskrivinga (jf. Rotevatn, 2014). Døme på samantrekking og forkorting førekjem nokså ofte hos begge elevgruppene. Dette treng ikkje nødvendigvis vere eit uttrykk for dialekt, men heller eit uttrykk for økonomisering. Mange av samantrekkingane er forkortingar for kvardagslege uttrykk som for eksempel *god natt*, *i morgon*, *akkurat*, *seriøst*, *eigentleg* etc. desse kjem til uttrykk som *gn*, *imrg*, *akk*, *serr*, *egt* osv. Medan mange av samantrekkingane ser slik ut, er det nokre av dei der orda er slått saman, utan bruk av mellomrom, som til dømes *kadå*, *kati*, *due*, *hakkje* og *trokke*. Særleg dei to siste døma er eksempel på at to ord som er slått saman til eitt (*har ikkje* og *tror ikke*).

124-18: 124: So da hakkje no me foreldre at dei sks gjøra noe likslm

3003-5: 3003: Usikkeeeer trøkke det e så dyrt siden pappa kjøpte 5 brikker

5.2.3 Språkveksling og performativitet

Som ein del av å vurdere den multilektale kompetansen til elevane kan ein sjå på korleis dei tilpassar språket etter kontekst. Ved å sjå på kva dei sjølv rapporterer, slik som Rotevatn (2014), kan ein få ein indikasjon på korleis skrivinga ville ha sett ut, medan ved å framkalle ulike skrivepraksisar basert på ulike skrivesituasjonar, som ein ser i Røyneland og Vangsnes (2020) kan ein få eit endå betre bilete på kva kontekstuelle språkval ungdommane gjer. Fordelen med å sjå på tekstdata som er autentiske, som denne studien gjer, er at elevane sin skrivepraksis, og dermed tekstdataa, ikkje har vore påverka av forskarane rundt. Det er likevel ytre faktorar som til ei kvar tid vil påverke val av språk. Dette kan vere kven dei snakkar med, kor offentleg dei ytrar seg eller kva samtaleemnet dreier seg om.

I fritidstekstane er det avgrensa kor stor variasjon det er mogleg å fange opp, sidan det er heilt individuelt kva tekstdataa inneheld ettersom det er deltakarane sjølve som *donerer* meldingane. Det er likevel fleire døme som går att hos elevane i begge utval. Særleg er bruken av *ska* og *skal* ikkje alltid konsekvent i det nordlege utvalet, heller ikkje er bruken av *ikke* eller *ikkje* (også andre variantar av denne) hos det sørlege utvalet. Felles for begge utval er også at dei ikkje er konsekvente med om dei inkluderer stum *d* i ‘med’ eller ikkje. Dette kan fortelle oss at ord og uttrykk som ikkje avgjer noko utprega stor forskjell på uttalen, ikkje er opptrer like konsekvent.

Det er også særleg to døme eg vil drøfte nærare, der det i det eine dømet er tydeleg språkveksling mellom *vanleg dialektskriving* og det ein kan argumentere for er *performativ skrivning*. Vanleg dialektskriving viser til den skrivemåten eg tolkar som eleven sin vanlege måte å skrive på til andre jamaldrande. Det andre dømet viser til ein deltakar som vekslar mellom å bruke 3. person fleirtal subjektsforma *me* og *vi*, når det er ein spesifikk deltakar som er samtalepartnar. To av deltakarane i det sørlege utvalet oppgir i bakgrunnsskjemaet at dei somme gonger bruker bokmål ironisk til andre i vennegjengen. I fritidstekstane til kandidat 3014 og 3003 viser det seg at dei vekslar mellom å skrive dialektalt og bokmål. Dette er tilfelle som inntreff fleire gonger og inkluderer fleire kandidatar enn berre dei to som har oppgitt i bakgrunnsskjemaet at det førekjem.

3010-3: 3007: Men **jei** advarer deg om at mamma har cporona men **jeg** har fått negativ de siste 3 gangene [...]

3010-6: 3007: Så **eg** har dt nok ikkje altså

Eksempelet over viser eit utdrag frå ein samtale mellom kandidat 3010 og 3007, der den eine kandidaten vekslar mellom å skrive normert bokmål og dialektalt. Sistnemnde viser òg bruk av normert nynorsk framfor bokmål i både nektingsadverb *ikkje* og pronomeren *eg*, noko som samsvarer med den lokale dialekten. Det første dømet viser også to ulike former for 1. person eintal, sidan deltakaren først skriv *jei* etterfølgt av *jeg*. På grunn av den ortofone skrivemåten *jei*, kan dømet tolkast som eit av dei eksempla der ungdommane skriv bokmål for å uttrykke ironi eller tull. I doktoravhandlinga til Strand (2022, s. 68) skriv han at ein faktor som gjer at barn pratar liknande austlandsk i rolleleik, er eksponering for standard austnorsk (SEN) frå tidleg alder, slik som til dømes på barne-tv. Vidare drøftar han at årsaken til at barn endrar talemåte/talemål i rolleleik, kan vere fleire, og ein av dei er at dei føler eit behov for å distansere seg frå deira «everyday self», altså at dei på denne måten går inn i ei rolle som nokon andre enn seg sjølv. Det er truleg at elevane i dette eksempelet ikkje nødvendigvis driv med rolleleik, men at det dreier seg om intern humor og ironi. På mange måtar er det å skrive på ein annan måte enn ein vanlegvis ville ha gjort, også eit uttrykk for å vike frå eins eigen «everyday self» og ein måte å tydeleggjere at dei i slike tilfelle skriv på denne måten, anten for å skilje seg ut eller for å vere morosame. Dette kan også argumenterast å vere døme på den multilektale kompetansen elevane har, ved at dei bevisst vekslar mellom ulike språk og skrivestilar avhengig av føremålet og konteksten rundt skrivesituasjonen.

Det andre dømet på språkveksling er frå det nordlege utvalet der det ikkje er samvariasjon mellom bruken av *me* og *vi*. I følgjande meldingsutveksling ser vi at deltakar 638 vekslar mellom desse to:

132-13: 638: Skal **me** heim te deg imrg

132-21: 132: D e trening i morra så **vi** kan heller til meg en anen dag **vi** har fri

132-26: 638: Skal **vi** gjøre noe i morgen

Utdraget over viser eksempelet på korleis språkvekslinga kjem til uttrykk. Denne språkbrukaren er ein av dei som rapporterer om mykje blanding mellom ulike språk/dialektar, noko som kan vere årsaken til språkvekslinga i praksis. Deltakaren oppgir i bakgrunnsskjema å vere fødd og vaksen opp innafør Vestland, og har heller ikkje kryssa av på å ha budd utanfor, dersom ein skal ta utgangspunkt i at deltakaren er frå den lokale staden og bruker *me* i talemålet, kan ei mogleg forklaring vere at deltakaren rett og slett tilpassar seg samtalepartnaren som i dette tilfellet også bruker *vi*. Det er etter at 132 har skrive *vi* at deltakar 638 også svarer med *vi*.

5.3 Normer for dialektskrivinga

Forskingsspørsmål to i studien går ut på å undersøkje om det finst eit overordna mønster for dialektskrivinga på dei to undersøkte stadene. For å kunne finne eit mønster vil eg drøfte i kor stor grad ein kan påstå at det opptrer ulike bestemte normer innafor dialektskrivinga som førekjem hos dei to ulike elevgruppene. Fordi talemåla har fleire likskapstrekk med kvarandre, er det forventa at den uttrykte dialektskrivinga også vil ha ein del overlapp. Desse frekvente dialektuttrykka kan på mange måtar sette standarden for korleis dialektskrivinga i desse områda «skal» sjå ut. I resultatkapittelet såg vi på frekvente dialektale ytringar og samvariasjon, der ein kan ta utgangspunkt i at dei mest frekvente førekomstane er dei som legg føringar for korleis norma for dialektskriving utspeler seg. Samanhengen mellom tabell 3 og dei utvalde språkprofilane viser eit gjennomgåande mønster på at det er normert bruk av pronomena *eg* og *me* som er mest brukte, det same gjeld for bruk av nektingsadverbet *ikkje*. Når det gjeld nektingsadverb er det likevel individuelt kva for variant den enkelte bruker, slik som at bruken av *kje* førekjem relativt hyppig i det sørlege utvalet. I og med at dette også kan tolkast som ein forkorting av *ikkje*, kan det også vere eit eksempel på økonomisering, som er typisk for CMC.

Det å skulle kategorisere utsegn som anten normert nynorsk, bokmål eller reint dialektale har vist seg å vere utfordrande, nettopp fordi dei ofte overlappar kvarandre og fordi det kvalitativt varierer kor normert dei enkelte elevane skriv. I og med at det i tillegg varierer kor konsekvente den enkelte er, som vi til dømes såg i bruken av stum *d*, kan det fortelle oss at det ikkje nødvendigvis finst ei overordna norm for ortofon skriving som dette, men at det førekjem spontant og individuelt. Dette oppfattast også i lys av at dialektbruk i skriving opnar opp for utvida toleranse og kreativitet (jf. Helset og Brunstad, 2020, Vangsnes, 2019). Det kan sjå ut som at det opptrer større toleranse knytt til bruk av stum *d* og *t*, også nektingsadverb (då det ofte varierer kva for variant som kjem til uttrykk). Dette på bakgrunn av hyppig veksling og at ein ser at dei ikkje er spesielt konsekvente i bruken av desse. Derimot kan det verke som at bruk av pronomen er der dei fleste *er* konsekvente, noko som kanskje kan ha samanheng med at pronomen oppfattast som personleg, og at ein derfor knyt det tett til talemålspraksisen.

Hos fleire av deltakarane i datamaterialet ser ein at bøyingsmønsteret følgjer den lokale dialekten, noko som særleg kjem til uttrykk ved bøyning av hokjønns substantiv (både bestemt og ubestemt form) og ulike verb. Det er fleire eksempel på at elevane til tider bruker bokmålsstamme på enkelte verb, men bøyer verbet i samsvar med talemålet, altså at verba til dømes i infinitiv, får *a*-ending.

124: gjøra
640: spørre
3006: spilla
3007: løpa

Som utdraget over viser, ser ein at tre av dei fire bøygde verba har stamme som samsvarer med bokmål (*å gjøre, å spille og å spørre*), medan dei er bøygde i samsvar med talemålet, altså med *a*-ending. Éin har også skrive *løpa*, der stammen *løp* finst i både nynorsk og bokmål. Felles for dei alle er at dei har lagt til *a*-endinga som er typisk for sørvestlandsk (Mæhlum og Røyneland, 2012, s. 95). I det neste døme ser ein at deltakar 3007 har bøygd substantivet *vilje* med *a*-ending. Noko som ikkje er i samsvar med korrekt rettskriving, men truleg høyrer til eleven sin talemålspraksis.

3007-11: 3007: Eg gjørr der med vilja ja.

Ord som dette er derfor vanskelege å kategorisere som anten bokmål eller dialekt, men fordi elevane tilpassar orda til si eiga dialekt har eg valt å tolke ytringane som dialektale. Fordi dette også førekjem hos begge utval, kan ein påstå at hyppig bruk av *a*-mål er ein del av norma for dialektskrivinga. Sjølve ytringa vil også kategoriserast som dialektal sjølv om at deltakaren både skriv *det* og *med* etter standard rettskriving. Verbet «å gjere» er bøygd i presens og vert uttrykt med bokmålstamme: *gjørr*. Ein finn altså ikkje innskotsvokal i dette dømet.

Å fastslå eit overordna mønster eller ei overordna norm for dialektskrivinga er utfordrande, nettopp på grunn av at det er så stor variasjon på kor dialektalt den enkelte skriv. Vi kan likevel bruke tabell 3 og samstundes sjå på dei kvalitative tekstytringane for å danne oss eit bilete på kva dialektale ord og uttrykk som er mest utbreidde og som førekjem mest. Det overordna mønsteret kan likevel seiast å følgje dei dialektrekka som er karakteristiske for det lokale talemålet (Mæhlum og Røyneland, 2012), også kan ein fastslå at mange av dei mest frekvente dialektale uttrykka: pronomen, nektingsadverb, *a*-infinitiv, har samanfall med normert nynorsk. Observasjonane som er gjort i materialet tilseier at det nettopp er dei uttrykka som i standardspråket (som oftast med utgangspunkt i bokmål) skil seg mest frå talemålsvarianten, som blir ytra dialektalt (jf. Vangsnes, 2019, Folkvord, 2020). Dette kjem spesielt til uttrykk morfologisk gjennom bøyging av hokjønnsst substantiv og ulike verb, i tillegg til bruk av pronomen og nektingsadverb, syner dette karakteristiske dialektale trekk i skrivinga.

6 Avslutning

6.1 Oppsummering

Avslutningsvis vil eg no oppsummere dei viktigaste funna i studien og korleis dette bidrar til det Vangsnes (2019) og Røyneland og Vangsnes (2020) etterspør, nemleg å undersøkje korleis dialektskriving, kvalitativt sett, ser ut. I denne undersøkinga viser det seg at elevane frå det nynorske kjerneområdet sjølve rapporterer om hyppig bruk av nynorsk, både formelle og meir uformelle skrivesituasjonar, medan elevane frå den nynorske randsona rapporterer at dei utelukkande bruker bokmål i dei formelle skrivesituasjonane. Begge elevgruppene melder også om at dei i uformelle skrivesituasjonar til dels bruker dialekt, men særleg at dei blandar ulike språk/dialektar. Dette speglar att forventinga om at ungdommar på Vestlandet både skriv dialektalt og at dei vekslar mellom ulike skrivemåtar/språk. Forholdet mellom rapportert og registrert språkbruk syner skeivheiter, der ein både ser tendensar til under- og overrapportering. Eit interessant funn er korleis begge talemåla, som har mange samanfall med nynorsk, kjem til uttrykk skriftleg. I praksis syner dette tilsynelatande att som normert nynorsk, også i uformelle settingar, trass i at elevane, særleg i det sørlege utvalet sjølv rapporterer om ingen eller lite bruk av nynorsk.

I fritidstekstane ser ein eit mønster på at dei mest frekvente dialektale uttrykka, i tillegg til dei dialektorda som har samanfall med normert nynorsk, er prega av karakteristiske dialekttrekk som kjenneteiknar det lokale talemålet. Det byggjer også vidare på at dei dialektrekka som kjem til uttrykk skriftleg, særleg er dei som skil seg frå den standardspråklege forma. Dialektskrivinga varierer såleis kvalitativt, basert på kor ortofont eller morfologisk prega teksten er. Felles for begge elevgruppene er likevel at fritidstekstane er prega av dei karakteristiske dialekttrekka som er typiske for dei to dialektområda; vossa- og hardangermål og haugalandsdialekt. Funna viser at dei mest frekvente dialektale uttrykka er dei mest utprega talemålstrekka, desse er særleg bruken av pronomena *eg* og *me*, bruken av spørjeord som *ka* og bruk av nektingsadverbet *ikkje*. På sistnemnde ser ein også at mange vekslar i ulike variantar av *ikkje* slik som til dømes *kje*. Morfologiske kjenneteikn som særleg også kjem til uttrykk er bøyning av hokjønnsst substantiv, både bestemt og ubestemt form, i tillegg til bøyning av ulike verb – innskotsvokal *-e* og bortfall av *-r* i presens, er særleg karakteristiske dialekttrekk. Såleis byggjer studien vidare på at utviklinga av digitale, sosiale medium er med på å trekkje skrivepraksisen i retning mot talemålet (Vangsnes, 2019, s. 106). Den multilektale skrivinga til ungdommar på Vestlandet viser at dei har ein kompleks evne til å tilpasse språket kontekstuellt

og det at dei reflekterer rundt språkvala sine, bidrar mest sannsynleg til auka metaspråkleg medvit, noko som også er verdifult å vere klar over når ein er norsklærer.

6.2 Forslag til vidare forskning

Undervegs i studien har eg møtt på fleire problemstillingar som kunne vore interessante å undersøkje nærare. På grunn av at studien min både byggjer på kvantitative og kvalitative metodar, var det avgrensa kor i djupna eg kunne gå. Studien min kan likevel belyse korleis dialektskriving utspeler seg i praksis og gi eit døme på kva for språkval ungdommar frå Vestlandet tar. Særleg interessant hadde det vore å berre hatt fokus på den kvalitative delen av tekststyringar og sett nærare på samvariasjon for å få eit endå klårare bilete på kor konsekvente ungdommane er og kva for dialektale uttrykk som opptrer, avhengig av kvarandre. Datamaterialet mitt inneheld òg ein del språkveksling mellom normert språk, dialekt og engelsk, det kunne derfor også vore interessant å sett nærare på bruk av engelsk i samband med dialektskriving, og eventuelt kva for morfologiske eller fonologiske tilval ungdommane legg dei engelske orda.

Også vil eg sei meg eining med det Vangsnes (2019, s. 107) påpeiker om korleis fenomenet dialektskriving bidrar til å gjere det norske skriftspråket endå meir komplekst og rikt. Som kommande lektor i norsk, er det også særst interessant å ha kunnskap om korleis ein eventuelt kan utnytte elevane sin dialektskriving i pedagogisk og didaktisk samanheng.

Litteraturliste

- Androutsopoulos, J. (2011). From variation to heteroglossia in the study of computer-mediated discourse. I C. Thurlow & K. Mroczek (red.), *Digital discourse: Language in the New Media* (s. 277-298). Oxford University Press.
- Androutsopoulos, J. (2018) Online Data Collection. I C. Mallinson, B. Childs og G.V. Herk (red.), *Data Collection in Sociolinguistics. Methods and applications* (2. utg.). Routledge.
- Bakkevoll, G. og Somby, A.-M. (2021). Forskingsetiske normer og juridiske rammer i norsk språkforskning med data frå sosiale medium. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 39(2). (s. 369-398). Novus Forlag.
- Bourdieu, P. (1991). *Language and symbolic power*. Polity Press.
- Brunstad, E. (2020) Det saumlause språkskiftet – om overgangar frå nynorsk til bokmål i Fjell. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 171-202). Cappelen Damm Akademisk.
<https://doi.org/10.23865/noasp.106>
- Christoffersen, M.B. (2016). *Digitale sport på papiret. En korpusundersøgelse af danske gymnasieelevers tekstnormer, tekstlogikker og brug af digitale skriveredskabe* (Avhandling for graden ph.d.). Det Humanistiske Fakultet, Københavns Universitet.
- Evjen, L. R. (2011). «æ sitt med klump i halsen når æ skriv det hær»: Dialekt i skriftspråket i debattforum knytt til tre norske nettaviser. Masteroppgåve, UiT Noregs arktiske universitetet.
- Folkvord, M.S. (2020). Normer i et ikke-normert skriftspråk – en studie av talemålsnær skriving på Facebook Messenger blant trondheimere. Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Framsdebilete: «What is Knowledge centered support (KCS) and Why it Matters» [Bilete]. (2022). Henta frå: <https://helpjuice.com/blog/knowledge-centered-support>
- Garatun, M.K. (2022). *Nynorsk som hovudmål i kjerneområdet. Ein sosiolingvistisk analyse om elevar med nynorsk som hovudmål og deira språkbruk, samt haldningar knytt til eige skriftspråk* [Upublisert semesteroppgåve frå masteremnet NOR-3032 Sosiolingvistikk]. UiT Noregs arktiske universitet.
- Hasund, I.K. (2002). «Gjør ungdommen hærverk på det norske språket?» I S. Bjørkås (red.), kulturpolitikk og forskningsformidling. Bind 1: Kulturelle Kontekster (s. 143-178). Høyskoleforlaget / Norges forskingsråds Program for kulturstudier
- Helset, S. J. & Brunstad, E. (2020) Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventingar mellom ungdomar i det nynorske kjerneområdet. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (red) *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 93-118). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.106>

- Hårstad, S. (2021) «Digital skrivning under den sosiolingvistiske lupen: Har det skjedd en språklig revolusjon?» I Jølle, L., Larsen, A.S, Otnes, H. & Aa, L.I. (red) *Morsmålsfaget som fag og forskningsfelt i Norden*. s. 22-45. Universitetsforlaget. DOI: <https://doi.org/10.18261/9788215050997-2021-03>
- Hårstad, S., Mæhlum, B. & van Ommeren, R. (2021) *Blikk for språk*. Cappelen Damm AS.
- Høgskulen på Vestlandet (u.d.) Multilektal skrivekunne i opplæringa. Henta frå: <https://www.hvl.no/multilit>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015) *Det kvalitative forskningsintervju*. Gyldendal akademisk.
- Larsen, T. (2022). «no ha vi ennjделе fått åss honnj!»». En undersøkelse av ungdommers markering av palatalitet i skrift i Nord-Norge og Trøndelag. Masteroppgåve, UiT Noregs arktiske universitet.
- Lagerholm, P. (2010) *Språkvitenskapliga uppsatser*. Studentlitteratur.
- Lunde, K. og Røynealand, U. (2023) Prosedyre for innsamling av private meldingar. <https://osf.io/jn5t2>
- Mackey, A. & Bryfonski, L. (2018) «Mixed methodology» in A. Phakiti et. Al. (red) *The Palgrave Handbook of Applied Linguistics Research Methodology*. Georgetown University, Washington, USA.
- Mears, C.L. (2012). In-depht interviews. I J. Arthur, M. Warning, R. Coe & L.V. Hedges (red.), *Research Methods & Methodologies in Education* (s. 170-176). SAGE publications.
- Mortensen, K.M. & Stæhr, A.C. (2018). Introduktion – Sprog og sociale medier. I A.C Stæhr & K.M. Mortensen (red.), *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange* (s. 9-28). Samfundslitteratur.
- Mæhlum, B. og Røynealand, U. (2012) *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. Cappelen Damm Akademisk
- Neteland, R. (2020) «Kvalitative intervju i norskfaglige oppgaver». (s. 51-67). I R. Neteland og L. I. Aa. (2020) *Master i norsk. Metodeboka 2*. Universitetsforlaget
- Norrby C., & Håkansson, G. (2015). Introduktion till sociolingvistik. Studentlitteratur: Lund
- Opinion, 2016: Bruker- og befolkningsundersøkelse 2016. Gjennomført for Språkrådet. Internt dokument, Språkrådet. Omtalt i <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt/2017/sterk-sprakinteresse-blant-nordmenn/>
- Rotevatn, A.G. (2014). *Språk i spagaten: Facebook-språket. Om normert språk og dialekt blant vestlandselevar*. Masteroppgåve, Høgskulen i Volda.
- Røynealand, U. & Vangsnes, Ø. A. (2020) «Joina du kino imårgå? Ungdommars dialektskriving på sosiale medium». I Hagen, Hjelde, Stjernholm & Vangsnes (red) *Bauta: Janne Bondi Johannessen in momiriam*. Oslo Studies in Language 11(2), 2020.

s. 357-392. (ISSN 1890-9639 / ISBN 978-82-91398-12-9)

<http://www.journals.uio.no/osla>

Strand, B.-M.S. (2022). *The roles role play plays. The form and function of bilectal codeswitching in North Norwegian pre-school children's role play.* [Doktorgradsavhandling]. UiT Noregs arktiske universitet.

Sønnesyn, J. (2020). Skulen som språkplanleggar: Kva seier ungdomsskuleelvar om vilkåra for å læra nynorsk som hovudmål? I G.K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (red) *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge.* (s. 203-233). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.106>

Thagaard, T. (2018) *Systematikk og innlevelse.* (5. utg.). Fagbokforlaget

Thorsnæs, G. *Haugalandet* i *Store norske leksikon* på snl.no. Henta 25. april 2023 frå <https://snl.no/Haugalandet>

Vangsnes, Ø. A. (2019) «Dialekt i sosiale medium – det norske perspektivet. I G. Sandröm (red) *Språk i Norden 2019*, s. 94-109. <https://tidsskrift.dk/sin/index>

Vulchanova, M., Åfarli, T. A., Asbjørnsen, M. Og Vulchanov, V. (2014) «Flerspråklighet i Norge: en eksperimentell språkprosesseringsstudie» i E. Brunstad, A. K. H. Gujord og E. Bugge. (red) *Rom for språk.* Novus AS

Wold, I. (2018) Kvifor ikkje nynorsk? Eit metaperspektiv på sju studiar om språkbortval i randsoner. *Målbryting* (10), 77-99. <https://doi.org/10.7557/17.4825>

7 Vedlegg

7.1 Godkjenning frå Sikt

[Meldeskjema](#) / [Multilectal Literacy in Education \(MultiLit\) – ungdomsskuledelen](#) / Vurdering

Vurdering

Referansenummer	Type	Dato
513564	Standard	18.10.2022

Prosjekttittel
Multilectal Literacy in Education (MultiLit) – ungdomsskuledelen

Behandlingsansvarlig institusjon
Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolkning

Felles behandlingsansvarlige institusjoner
Universitetet i Agder / Fakultet for samfunnsvitenskap / Institutt for sosiologi og sosialt arbeid
Universitetet i Oslo / Det humanistiske fakultet / Center for Multilingualism in Society across the Lifespan
UiT Norges Arktiske Universitet / Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning / Institutt for språk og kultur
Høgskulen i Volda / Avdeling for humanistiske fag og lærerutdanning / Institutt for språk og litteratur

Prosjektansvarlig
Øystein A. Vangsnes

Prosjektperiode
01.01.2022 - 31.12.2028

Kategorier personopplysninger
Alminnelige

Rettslig grunnlag
Samtykke (art. 6 nr. 1 bokstav a)
Allmenn interesse eller offentlig myndighet (art. 6 nr. 1 bokstav e)

Behandlingen av personopplysningene kan starte så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det rettslige grunnlaget gjelder til 31.12.2028.

[Meldeskjema](#)

Kommentar
OM VURDERINGEN
Personverntjenester har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.

Personverntjenester har nå vurdert den planlagte behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at behandlingen er lovlig, hvis den gjennomføres slik den er beskrevet i meldeskjemaet med dialog og vedlegg.

VIKTIG INFORMASJON TIL DEG
Du må lagre, sende og sikre dataene i tråd med retningslinjene til din institusjon. Dette betyr at du må bruke leverandører for spørreskjema, skylagring, videosamtale o.l. som institusjonen din har avtale med. Vi gir generelle råd rundt dette, men det er institusjonens egne retningslinjer for informasjonssikkerhet som gjelder.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET
Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 31.12.2028.

LOVLIG GRUNNLAG: BARNA OG SAMTYKKENDE FORESATTE
Prosjektet vil innhente samtykke fra foresatte til behandlingen av personopplysninger om barna og seg selv. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være foresattes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

LOVLIG GRUNNLAG: ANDRE FORESATTE
Fra SSB vil det innhentes noen veldig få opplysninger om barnas foresatte, men bare én av de foresatte samtykker til denne behandlingen (via informasjonsskrivet og samtykkeerklæringen for også behandlingen av opplysninger om barna). Disse opplysningene omfatter blant annet foresattes utdanningsnivå og hvorvidt foresatte er født i Norge eller ikke. Opplysningene inkluderer bare alminnelige kategorier personopplysninger og begrenses til et minimum av hva som er nødvendig for formålet. De foresatte får

informasjon (via informasjonsskrivet om barnas deltakelse).

Behandlingen av personopplysninger er nødvendig for allmennhetens interesse (forskning), jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 e), jf. personopplysningsloven § 8. Prosjektet gjør nødvendige tiltak for å ivareta de registrertes rettigheter og friheter, jf. art. 89 nr. 1.

PERSONVERNPRINSIPPER

Personverntjenester vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at foresatte får tilfredsstillende informasjon og samtykker til behandlingen/prosjektet oppfyller kravet om nødvendige garantier
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Personverntjenester vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte og deres foresatte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18) og dataportabilitet (art. 20).

Vi minner om at hvis en registrert/foresatt tar kontakt om sine/barnets rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1 f) og sikkerhet (art. 32).

HVL, Universitetet i Agder, Universitetet i Oslo, UiT Norges Arktiske Universitet og Høgskulen i Volda er felles behandlingsansvarlige institusjoner. Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene til felles behandlingsansvar, jf. personvernforordningen art. 26.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: <https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>

Du må vente på svar fra oss før endringen gjennomføres.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

Personverntjenester vil følge opp underveis (hvert annet år) og ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet/pågår i tråd med den behandlingen som er dokumentert.

Kontaktperson hos oss: Lene Chr. M. Brandt

Lykke til med prosjektet!

7.2 Informasjonsskriv og samtykkeskjema

Vil du bli med i eit FORSKNINGSPROSJEKT?

Multilectal Literacy in Education **MultiLit**

VI SKAL FORSKJE på samanhengar mellom språkkunnskapar, språkbruk og læring. Du får spørsmålet om å bli med i dette prosjektet fordi vi har ein avtale med skulen din om at vi kan invitere alle niandeklassingane i skuleåret 2022/2023. Niandeklassingar frå andre stadar i landet vert òg inviterte med i prosjektet.

Høgskulen på Vestlandet leier og er ansvarleg for prosjektet *Multilectal Literacy in Education* saman med forskarar frå UiT Noregs arktiske universitet, Universitetet i Oslo, Universitetet i Agder, NTNU og Høgskulen i Volda. Vi samarbeider dessutan med forskarar i Nederland som undersøker tilsvarande forskings spørsmål der.

Om du har lyst å vere med, ønsker vi at du og ein av dine føresette les alt på dette arket før de set kryss og skriv under heilt nedst. Då gir du oss løyve til å hente inn nokre bakgrunnsopplysingar om deg frå Statistisk sentralbyrå (SSB) ut frå fødselsnummeret ditt, vi får lov til å samle inn ein eller fleire skuletekstar frå deg. Du seier deg vidare villig til å delta på ei kort digital spørjeundersøking og på det som er skissert nedanfor. Alt vil skje i skuletida.

Opplysningane frå SSB gjeld kjønn, alder, flyttingar, tal på føresette, tal på barn i hushaldet du bur i, utdanningsnivået til føresette, resultatane dine på nasjonale prøver og karakterane dine i norsk, engelsk og matematikk. I den digitale spørjeundersøkinga har vi nokre spørsmål om kor du bur, om du har flytta, om kva språk og dialektar du kan og brukar i ulike samanhengar munnleg og skriftleg.

Alle opplysningar blir behandla konfidensielt, og i publikasjonar og rapportar frå prosjektet vil ingen enkeltpersonar kunne identifiserast.

DETTE ER FRIVILLIG

Det er heilt frivillig for deg å vere med, sjølv om skulen er med på prosjektet. Om du blir med, kan du når som helst ombestemme deg utan å oppgi nokon grunn for det. Då slettar vi dei opplysningane vi har om deg.

Du har rett til å:

- få vite kva for opplysingar vi har om deg og få ein kopi av desse.
- rette eller få sletta opplysningane om deg.
- klage til Datatilsynet om behandlingane av personopplysingar om deg.

Om du vil bruke nokon av desse rettane, du vil trekke deg, eller du berre har spørsmål om dette forskingsprosjektet, kan du kontakte:

Prosjektleder Øystein A. Vangsnæs
oystein.alexander.vangsnæs@hvl.no
992 50 658

Personvernombod Trine Anikken Larsen
trine.anikken.larsen@hvl.no
55 58 76 82

1. SPRÅKPROSESSERING

Prosjektansvarleg: Björn Lundquist –
bjorn.lundquist@uit.no /
tlf. 41 14 67 54

I denne delen av prosjektet er vi opptekne av sjå på korleis ein skil mellom talt og skrive språk og mellom ulike former for skriftleg og munnleg norsk. Du vil bli med på:

- lytteoppgåver der du får høyre ulike former for norsk
- oppgåver der vi måler lesefart og lesemonster på ulike måtar, mellom anna med blikksporing
- oppgåver der du skal respondere munnleg eller skriftleg på setningar du les eller høyrer

2. SPRÅK OG LÆRING

Prosjektansvarleg: Göran Söderlund –
goran.soderlund@hvl.no /
tlf. +46 70 453 30 38

I denne delen av prosjektet undersøker vi forholdet mellom språkkunnskapar i vid forstand, merksemd og læring. Du vil bli beden om:

- å gjennomføre oppgåver som måler merksemd; dette tek 30–45 min, og du gjer det i lag med andre frå klassen din

3. SPRÅK I DIGITALE MEDIUM

Prosjektansvarleg: Unn Røynealand –
unnr@iln.uio.no / tlf. 93 83 10 64

I denne delen av prosjektet undersøker vi korleis unge skriv på sosiale medium. Du kan bli spurt om å bli med på noko av dette:

- å vurdere korte tekstbitar (f.eks. ein snap, chat, tekstmelding)
- eigne gruppechattar på Snapchat, Messenger, e.l. mellom ungdommar som deltar i prosjektet
- korte videointervju med deg og nokre andre i klassen
- gi oss eit utval meldingar du har skrive på sosiale medium

JA? Du har no fått og forstått informasjon om prosjektet *Multilectal Literacy in Education* (MultiLit) og dei enkelte delprosjekta. Dine føresett har fått ei melding med spørsmål om dei samtykker til di deltaking. Samtykket kan gis anten digitalt som svar på den meldinga eller skriftleg på eigen svarslipp

Vi behandlar opplysingar om deg, etter samtykke frå deg, konfidensielt og berre for dei formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Opplysningane blir lagra på ein eigen forskingsserver. Namnet og kontaktopplysingane dine blir erstatta med ein kode når vi forskar. Koplinga mellom namnet og koden blir ikkje oppbevart saman med dei andre dataa vi får frå deg, og koplinga blir sletta når prosjektet er over 31.12.2028. Ingen personidentifiserande opplysningar vil bli brukt i publikasjonar frå dette forskingsprosjektet og ingen opplysingar vil heller bli kombinerte på ein måte som gjer det mogleg å kjenne deg igjen. Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør har vurdert at vi i dette prosjektet behandlar personopplysingar etter regelverket for personvern. Om du har spørsmål knytt til denne vurderinga, kan du ta kontakt med Sikt på personverntjenester@sikt.no eller telefon 53 21 15 00.

VIL DU BLI MED I EIT FORSKINGSPROSJEKT?

Eg heiter Maria Kristin Garatun og er femteårs lektorstudent ved UiT Noregs arktiske universitet i Tromsø. Denne våren skal eg skrive masteroppgåve i nordisk (norsk) språk, som omhandlar korleis unge skriv i ulike samanhengar. Undersøkinga mi er ein del av eit større forskingsprosjekt som heiter Multilektal skrivekunne i utdanninga, forkorta «MultiLit». MultiLit-prosjektet vert leia frå Høgskulen på Vestlandet, med samarbeidspartnarar frå blant anna UiT og Universitetet i Oslo.

I veke 3 skal eg vere i praksis på niande trinn, og då skal eg også samle inn data til masterprosjektet.

Kva går masterprosjektet mitt ut på?

Undersøkinga mi inngår i eit delprosjekt i MultiLit som fokuserer på språk i digitale medium (del 3 i vedlagte informasjonsskriv). Her undersøker vi korleis unge skriv på sosiale medium. Dersom du ønskjer å delta, vil du bli spurd om å svare på eit bakgrunnskjema om språket ditt og språkbruken din (ca. 15-20 minutt), du vil også bli spurd om du ønsker å donere eigne tekstmeldingar (anten frå snapchat, messenger, tekstmelding). Meldingane vert ikkje sett i kontekst og dei vil bli anonymiserte. Dei meldingane som vert donerte vil også bli godkjende av involverte samtalepartnerar.

Dei dataa eg samlar inn, vil òg bli tilgjengelege for forskarar i MultiLit-prosjektet. Difor nyttar eg det same informasjonsskrivet som i hovudprosjektet som grunnlag for samtykke. Del 1 og 2 er ikkje aktuelle i denne omgangen, men det som står i den generelle delen kan bli aktuelt, mellom anna innhenting av bakgrunnsopplysningar frå SSB og skuletekstar. Alle opplysningar og data om deg vil bli behandla konfidensielt, og i publikasjonar og rapportar frå prosjektet (slik som i masteroppgåva mi) vil ingen enkeltpersonar kunne identifiserast.

Det er heilt frivillig å delta. Det er også fullt mogleg å trekkje seg etter ein har svart ja. Samtykke kan gis ved å skrive under nedanfor eller ved at ein føresett stadfestar samtykket gjennom skulens kommunikasjonsplattform.

Med vennleg helsing

Maria Kristin Garatun.

Ja, eg har lese og forstått innhaldet og ønskjer å delta:

Dato, stad: _____

Signatur (elev): _____

Signatur (føresett): _____

